

MISJONHØGSKOLEN

STAVANGER, NORGE

**MENNESKERETTANE SETT FRÅ EIN LUTHERSK  
KYRKJELYD PÅ MADAGASKAR**

MASTEROPPGÅVE  
MASTER I GLOBALE STUDIER

AV

PAUL-ARILD GILLESHAMMER

MAI 2012

Takk til...

...min gode ven Hantandrainy Rasoaherinomenjanahary for hjelp til å finne husvære under feltarbeidet, lokalisering av kyrkje og intervjuobjekt, og tolking i intervjuet og i andre samanhenger. Uten henne hadde ikke denne oppgåva vore praktisk gjennomførbar.

...mine foreldre, Jostein og Johanne Gilleshammer for økonomisk og anna støtte under heile arbeidsprosessen.

...Gerd-Marie Ådna for god vegleiing gjennom heile prosessen.

...ansatte ved Misjonshøgskolen for fleksibilitet og godvilje med hensyn til korleis eg har organisert utdanninga mi der.

## Innhold

1.0 Innleiing.....	4
2.0 Målsetjing.....	5
3.0 Metode, teori og analyse .....	6
3.1 Metode.....	6
3.2 Teori.....	10
3.2.1 Om menneskerettane.....	10
3.2.2 Om begrepet verdsbilete.....	13
3.3 Analyse .....	14
3.3.1 Menneskerettane som analysereiskap.....	14
3.3.2 Verdsbilete som analysereiskap.....	19
4.0 Om Madagaskar.....	20
4.1 Madagaskars geografi, befolkning, historie, noverande politiske situasjon og økonomiske tilstand.....	20
4.2 Gassisk kultur.....	25
4.3 Den noverande menneskerettslege situasjonen på Madagaskar basert på opne kjelder	29
5.0 Om mine informantar.....	35
5.1 Bakgrunnsinformasjon om mine informantar.....	35
5.2 Mine informantars verdsbilete.....	37
6.0 Introduksjon til dei tematiske presentasjonane med analysene.....	39
7.0 Tematiske presentasjonar med analyser.....	40
7.1 Oppfatningar av den politiske situasjonen.....	40
7.2 Politikk mellom menneske.....	43
7.3 Noverande arbeidssituasjon.....	46
7.4 Økonomi og livssituasjon.....	53
7.5 Livet i kyrkja.....	57
7.6 Personleg tru og religiøse perspektiv .....	58
7.7 Kunnskap om menneskerettane.....	59
7.8 Meininger om menneskerettane.....	61
7.9 Stoda til menneskerettane.....	63
8.0 Oppsummering og konklusjon om Madagaskar sett frå menneskerettane sitt synspunkt og standardar.....	65
9.0 Oppsummering og konklusjon om menneskerettane sett frå mine informantars og Madagaskars synspunkt og verdiar.....	66
10.0 Avsluttande kommentar til målsetjinga.....	69
11.0 Litteraturlister.....	69

## 1.0 Innleiing

*Det er ikke i gassernes natur å drepe hverandre, og da er det ingen som bryr seg om Madagaskar.*

Dette sa den gassiske parlamentarikeren Cyrille Rasambozafy under eit toppmøte i regi av den Afrikanske Unionen i starten av 2012.<sup>1</sup> Dette sitatet kom som eit uttrykk for at han følte at Madagaskars situasjon ikkje blei prioritert høgt nok på møtet. Sitatet seier noko om den gassiske kulturen, og set kanskje ord på kjensla som Madagaskar kan ha i forhold til det internasjonale samfunnet.

Sia statskuppet i 2009 har Madagaskars politiske situasjon vore uavklart, og på grunn av statskuppet har landet blitt utsatt for økonomiske straffesanksjonar og andre straffetiltak frå det internasjonale samfunnet. Landets uavklarte politiske situasjon har forverra allereie problematiske tilhøve på Madagaskar, som til dømes fattigdomen blant store lag av landets befolkning. Forsök på å løyse krisa har til no stranda.

Madagaskar er ei fantastisk vakker og stor øy i det indiske hav, som er velsigna med ein unik og mangfoldig natur. Kulturen og menneska på øya er fredsommelag og vennleg.

Eg har vore så heldig at eg har fått blitt litt betre kjend med denne øya. Dette skjedde først og fremst gjennom eit bibelskuleår, og sia har eg hatt gode vener på Madagaskar, og har gode vener som har sterke band til Madagaskar. Då eg skulle skrive masteroppgåve i Global Studies var Madagaskar eit naturleg temaval.

Som sitatet visar, så verkar det som om Madagaskar har vanskar med å fenge verdas merksemrd. Landets uavklarte politiske situasjon, og ekstreme fattigdom, er sjeldan i verdssamfunnets fokus, i forhold til mange andre problematiske områder i verda. Landets situasjon har likevel unngått å utvikle seg til kaotiske og valdelege tilstandar, noko som kanskje kan knytast opp mot sterke sosiale reglar og koder, som til dømes *fihavanana* og andre sosiale verdiar. At styresmaktene har autoritære trekk kan nok også spele ei rolle. Desse faktorane bevarar kanskje freden, men gjer også kanskje at problem blir usynleggjort og tona ned, både for dei som lev innanfor, og dei som ser det utanfor.

Eg håpar på den eine sida at denne oppgåva kan gi ei stemme til nokre av Madagaskars innbyggjarar, og korleis dei har det no i desse vanskelege tidene, og at det desse

---

1 Madagaskar.no, nyhetsseksjon, "AU-møtet uten resolusjoner om Madagaskar" 03.02.12 og Madagascartribune(nettutgåve) "Un peu de fierté et de souveraineté!" 01.02.12

stemmene uttrykkar blir kobla opp mot relevante størrelsar som kan belyse det dei seier. Eg håpar også at kva desse menneska synes om desse relevante størrelsane blir godt belyst.

## 2.0 Målsetjing

Oppgåvas ordlyd er "Menneskerettane sett frå ein luthersk kyrkjelyd på Madagaskar". Eg vil ut frå denne setninga prøve å beskrive to perspektiv med omsyn til menneska i denne lutherske kyrkja på Madagaskar, og menneskerettane. Det eine perspektivet er korleis deira liv er i forhold til standardane menneskerettane står for, altså om det er problematiske menneskerettslege tilhøve i livet deira. Det andre perspektivet er korleis dei ser på menneskerettane som idè og praksis, deira meiningar og deira forhold til menneskerettane.

For å vurdere mine informantars utsegn om moglege problematiske menneskerettslege tilstandar i deira liv, vil eg bruke metodar inspirert av komitéane tilhøyrande FNs konvensjon for sivile og politiske rettar(SP) og FNs konvensjon for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar(ØSK) for å analysere deira utsegn.

For å vurdere, og gi eit utfyllande bilet av mine informantars meiningar og forhold til menneskerettane, vil eg prøve å gjere ei analyse av mine informantars verdsbilete, som eg håpar vil gi auke djupne og forståing om korleis og kvifor mine informantar seier det dei seier, og meiner det dei meiner.

Eg håpar desse to perspektiva er utfyllande for kvarandre, og kan gi eit heilt bilet av korleis det er å leve i dagens Madagaskar, med eit spesielt blikk på menneskerettane.

Min ambisjon i denne oppgåva er altså å prøve å sjå om det er menneskerettslege problematiske tilstandar i mine informantars liv, samt å høyre og prøve å forstå korleis mine informantar ser på menneskerettane.

### **3.0 Metode, teori og analyse**

#### **3.1 Metode**

##### **Val av metode**

Eg har i denne oppgåva vald å bruke såkalla kvalitativ vitskapleg metode når eg har samla inn og behandla datamaterialet. Måten eg har utført kvalitativ metode på i denne undersøkinga er først og fremst gjennom djupneintervju. Kvalitativ metode kan gi ein ei djupare forståing av tema hjå relativt få informantar, samt at metoden er open for at informantane kan bidra med heilt ny informasjon og nye perspektiv, til forskjell frå kvantitativ metode, som har større begrensninger i forhold til å forhalde seg til nye vinklingar og ny informasjon undervegs i arbeidsprosessen.<sup>2</sup> Kvantitativ metode blir ofte nemnt som ein motsats til kvalitativ metode.<sup>3</sup> Kvalitativ metode er til forskjell frå kvantitativ metode ikkje statistisk representativ.

Kvalitativ metode var det naturlege valet med omsyn til oppgåvas omfang, då eg hadde begrensa tid til å utføre feltarbeid, og temaets natur, då eg søkte eit djuptgåande forståing om nokre få tema hjå mine informantar.

Hovudmetoden mi er altså djupneintervju. Eg har gjort observerande feltarbeid i noko begrensa grad, men med bakgrunn i problemstillinga og temaa i oppgåva mi, har eg ikkje funne det nausynt å gjere dette i noko stor grad. Den sosiale og kulturelle konteksten til mine informantar håpar eg kan teiknast til ei viss grad gjennom bruken av begrepet *worldview*, altså verdsbilete, samt deira eigne utsegn i intervjeta.

Det finnes fleire måtar å gjere undersøkingar i henhold til kvalitativ metode. Det eg gjorde var altså å utføre djupneintervju med eit utval menneske om nokre spesielle tema. Desse intervjeta hadde ein laus struktur, men nokre sentrale tema som eg tok opp i alle intervjeta. Dette gir informantane rom nok til å beskrive eigne erfaringar og synspunkt dei måtte ha om forskjellige tema, samstundes som det finnes eit grunnskjellett i intervjeta, som gjer at intervjeta kan bli samanlikna, og bli rekna for intervju som omhandlar same tema.

---

2 Bryman 1999, s. 36

3 Repstad 2007, s. 16

## Praktisk gjennomføring av feltarbeidet

Måten eg organiserte og utførte intervjeta på, var at eg bestemte meg for å ville intervju ei gruppe menneske i ei luthersk kyrkje på Madagaskar. Eg ville intervju desse menneska om dei politiske og økonomiske vanskane på Madagaskar i eit menneskerettsleg perspektiv, samt om deira meningar om menneskerettane. Eg har som sagt noko kjennskap til Madagaskar og den lutherske kyrkja på Madagaskar frå før av, då eg har vore der på eit halvårleg opphold i forbindelse med eit år på bibelskule. Ein ven av meg som heiter Hantandrainy Rasoaherinomenjanahary, som kjem frå Madagaskar, og som eg kjenner frå eit utvekslingsår ho hadde i Norge, var min tolk og hjalp meg med mange praktiske ting, som til dømes bustad. Ho fann meg ei pen leilegheit i eit trygt område, til ein veldig rimeleg pris. Ho snakkar både norsk og engelsk, ved sia av gassisk og fransk, som er dei offisielle språka på Madagaskar. Val av område for å utføre intervjeta blei mest avgjort av praktiske årsaker, då Hantandrainy bur i nærleiken av Antananarivo. Men eg har sett at mine informantar lever liv som liknar store mengder av befolkninga i Antananarivo og Madagaskar, og difor kan forhåpentlegvis deira utsegn antas å kunne vere relevante for fleire enn berre dei. Kyrkjelyden eg fann mine informantar i ligger i ein bydel i den sørlege delen av Antananarivo. Området verkar ha bebuarar i forskjellige økonomiske klasser, då det finnes mange forskjellige typar og standardar på husa omkring der.

Eg fekk ikkje kontakt med nøkkelpersonar i den lutherske kyrkja før eg reiste. Dei færreste kyrkjene har nettside og epostadresse, og dette gjorde at eg satsa på å ordne desse tinga då eg kom til Madagaskar. Det eg gjorde var at eg i lag med tolken min oppsøkte den nærmaste lutherske kyrkja i forhold til bustaden min. Personen som passar til det faglitteraturen beskriver som portvakt, var presten i kyrkja. Då presten var bortreist dei fyrste gongane vi var innom, tok det noko tid før heile prosessen kom i gong. Men då vi fekk til eit møte med presten ordna ting seg raskt. Han samla eit utval personar som hadde forskjellige tillitsverv i kyrkja. Desse var villige til å la seg intervju. Desse utgjer litt over halvparten av mine informantar. Eg spurte også presten om tillating til å spørje andre i kyrkja om dei ville la seg intervju, noko eg fekk. Eg spurte nokre personleg i forbindelse med søndagsgudstenestene. Desse utgjer omtrent ein tredjedel av mine informantar. Det var også nokre få som meldte seg etter at eg holdt ein appell i kyrkja om at eg trengte intervjuobjekt. Til saman intervjeta eg 17 personar i 16 intervju. I eit av intervjeta kom to venniner i lag. Intervjeta blei utført i stua i

leilegheita eg lånte. Eg fann det mest praktisk å halde intervjuet der, både på grunn av at rommet var fint til det, samt at ein fekk ein litt avstand til kyrkja, då desse intervjuet ikkje var knyta til kyrkja. Mine intervjuobjekt fekk ein pizza eller matvarer av tilsvarande verdi som takk for hjelpa, ved sia av dekking av transportutgifter. I slutten av feltarbeidet donerte eg også ei pengegåve til kyrkja. Under intervjuet var eg alltid kledd i dressjakke og slips, vanlegvis med jeans til, samt at rommet vi utførte intervjuet i alltid var heilt reint og ryddig. Dette for å vise at eg tok mine intervjuobjekt seriøst, noko eg trur dei oppfatta positivt. Eg brukte ein digital diktafon for å ta opp intervjuet. Når det gjeld utførselen av sjølv intervjuet brukte eg ein vegleiande intervjuguide. Denne er vedlagt oppgåva.(Vedlegg 1)

I etterkant under arbeidet med oppgåva har eg i tillegg intervjuet to doktorgradsstudentar ved Misjonshøgskolen i Stavanger. Eg såg at eg trengde litt meir informasjon om den offentlege debatten på Madagaskar, som er noko begrensa tilgjengeleg for meg på grunn av manglane språkferdigheiter, samt at eg ville høyre deira perspektiv på problemstillingane eg tek opp i denne oppgåva. Desse intervjuet blei utført på liknande måte på Misjonshøgskolen, dog utan slips.

Når det gjeld mi rolle på Madagaskar, altså korleis eg blei sett på av mine informantar og dei i kyrkja, så trur eg det store antalet misjonærar frå Norge som har arbeida på Madagaskar og har vore sentrale i oppbygginga av den gassisklutherske kyrkja, gjorde at eg rask blei assosiert til denne gruppa. Presten i kyrkja er til dømes fødd i Norge, då hans far var på eit studieopphald der. Eg vil tru dette har gjort at eg lettare har fått tilgang til kyrkja og mine informantar. Då eg var bevisst på dette, prøvde eg å være tydeleg på mi rolle i kommunikasjonen med kyrkje og informantar at eg ikkje var ein del av noko kyrkjeleg arbeid. Eg trur mine informantar forstod denne rolla. Det at eg arrangerte intervjuet utanfor kyrkja, trur eg og har gjort at det ikkje har oppstått misforståingar på det området. Eg trur også det at Hantandrainy var med meg som tolk hjalp meg mykje, også utover det at ho var tolk. Eg trur det hadde vore vanskelegare for gasserar som ikkje kjente meg, å forholde seg til meg som utlending om eg hadde komme åleine. Det hadde kanskje også vore problematisk for kvinner å skulle bli intervjuet av meg åleine. Gjennomføringa av intervjuet gjekk altså veldig greitt.

## Bearbeiding av datamaterialet

I behandling og analyse av datamateriale har ein forskar som jobbar i henhold til kvalitativ metode mange valmoglegheiter til korleis ein vil gjere dette. Ein blir oppfordra til å tenke på metoder omkring behandling av intervjuemateriale som noko som skal virke frigjerande på prosessen og ikkje hemmande. For mi oppgåve har eg funne ut at Pål Repstad(2007) si bok *Mellan nærlid og distanse*, om kvalitative metodar i samfunnsvitskap, har gitt meg relevante råd til min type oppgåve, som til dømes korleis ein kan kategorisere datamaterialet tematisk.

Eg har og blitt noko inspirert av Kathy Charmaz(2006) sin steg-for-steg arbeidsprosess i hennes presentasjon av Grounded Theory.<sup>4</sup> Måten eg har blitt inspirert av henne er gjennom kodinga av intervjuet. Alle utsegna til mine informantar er koda linje for linje, med visse unntak kor kodinga kan dekke nokre fleire linjer. Kodene er formulert slik at dei beholder innhaldet i det som er koda, men alltid i presens og tredje person, som til dømes "meiner det er vanskeleg å diskutere politikk på jobben", eller "seier han er 30 år gammal". Dette gjer at ein lettare kan systematisere opplysningane ein har fått i intervjuet. Denne metoda har gjort at eg har følt eg i mindre grad har gått glipp av ting mine informantar har sagt, då eg har mått formulerer deira utsegn på nytt sjølv, samt at arbeidet med kategoriseringa blei både enklare og meir fullstendig, då informasjonen var lett tilgjengeleg gjennom dei formaliserte grammatiske formene. Eg var i stand til å kunne kategorisere alle kodene. Alt datamaterialet frå intervjuet er sjølvsagt ikkje med i det ferdige resultatet, men alt har blitt behandla på eit tidspunkt. Kategoriane eg har systematisert kodene etter er basert på kategoriar som det verkar naturleg å dele inn kodene etter, altså er det ikkje førehandsdefinerte kategoriar, men kategoriar som er basert på innhaldet i kodene. Til dette arbeidet har eg brukt dataprogrammet Atlas.ti som hjelpemiddel. Måten eg har brukte Atlas.ti som verktøy er i arbeidet med å kode intervjuematerielet, samt i arbeidet med å kategorisere kodene. Programmet gjer det enkelt å kategorisere kodene i kategoriar.

Eg har etter linje-for-linje-kodinga delt inn tekstane inn større tematiske kategoriar som er basert på svara eg har fått. Desse større tematiske kategoriane har eg igjen delt inn i mindre tematiske kategoriar som knyta til temaet i dei større tematiske kategoriane. Av desse mindre kategoriane har dei mest relevante og interessante blant dei mindre kategoriane blitt utvald. Eg har så produsert tekst som presenterer kva som blir sagt i desse mindre

---

<sup>4</sup> Charmaz 2006, s. 50-53

kategoriane. I presentasjonen av desse mindre kategoriane har eg på ein ganske enkel måte talt opp antal gonger forskjellige fenomen opptrer hjå mine informantar, samt at eg også presenterer einskilde, interessante fenomen. Eg håper at eg gjennom denne prosessen både kan vise generelle trekk hjå mine informantar, samt at interessante einskildsfenomen blir gitt merksemd.<sup>5</sup> Vidare har eg produsert ei analyse som tolkar og ser med eit kritisk blikk på kva som blir sagt i desse mindre kategoriane, og som prøver å danne teoriar om kva som blir sagt, samt tolke det ved hjelp av tilgjengeleg faglitteratur og andre eksterne kjelder på området. Prosessen har sjølv sagt ikkje vore like linjær som presentert her, då nye perspektiv og moglege tolkingar veks fram. Men dette er arbeidsprosessen i grove trekk.

### **3.2 Teori**

I gjennomføringa av ei prosjekt som nyttar seg av kvalitativ metode baserer seg på at ein forsøker å forstå sine informantar. Mine informantar er autoritetane på sine liv, jamfør Gadamers bruk av ordet autoritet.<sup>6</sup> Det mine informantar har sagt, har eg prøvd å forstå og tolke på min beste moglege måte, og å sette dei inn i dei rammene som har vore aktuelle for mi oppgåve. Eg håpar eg har vore bevisst mine eigne ståsted og eiga rolle, slik eg har visst i metodedelen, og at informasjonen som kjem fram i denne oppgåva er noko både eg og mine informantar kan stille oss bak. Eg trur det i denne oppgåva finnes det Gadamer kallar for "sanningshendingar".<sup>7</sup>

#### **3.2.1 Om menneskerettane**

Menneskerettanes historie og ideologiske bakgrunn

---

5 Repstad 2007, s. 29-30

6 Gadamer 2010, s. 14(Introduksjon av Espen Schaanning)

7 Gadamer 2010, s. 12(Introduksjon av Espen Schaanning)

Eg vil her gi ein kort gjennomgang av dei mest sentrale aspekta ved menneskerettane. Menneskerettane slik vi kjenner dei no, blei etablert i FN etter den andre verdskrigen. Motivasjonen for å etablere institusjonar og lover omkring menneskerettane var først og fremst at ein ville ha ein rask reaksjon og førebygging i forhold til dei grufulle tinga som skjedde under den andre verdskrigen. Etter den andre verdskrigen var dei internasjonale forholda slik at det var mogleg å kunne samlast om ei felles erklæring. Det at inntrykka etter krigen var framleis sterke, det at relativt få land var involvert i prosessen, samt at erklæringa ikkje var rettsleg bindande, var blant tinga som gjorde at erklæringa var mogleg å få i stand.<sup>8</sup> Dei djupare grunnsteinane til menneskerettane er finner vi i hovudsak igjen i dei vestlege samfunnas kultur- og religiøse tradisjon, heilt frå dei greske filosofane gjennom idéar om naturretten, til forskjellige nasjonale lover om beskyttelse av individet som har blitt etablert opp gjennom historia,<sup>9</sup> samt i kristen filosofi.<sup>10</sup> Sentralt i desse tankane er idéen om at den menneskelege person har verdi i seg sjølv, uavhengig av rase, klasse eller kjønn.<sup>11</sup> Ved sia av å kunne spore dei historiske kjeldene til menneskerettane er bevisstheit om menneskerettanes sjølvstendige rolle i dagens internasjonale samfunn eit perspektiv som er interessant å ta med seg. Trond Jørgensen siterer Will Kymlicka(2007) i si masteroppgåve: "...the fact that the discourse of international human rights is "self-standing" not rooted in any historical or ethical tradition, is both its strength and its weakness."<sup>12</sup> Altså at menneskerettane ikkje blir knytt opp mot sitt vestlege opphav og tradisjonar i sitt daglege virke. I realiseringa av desse idéane har mellom anna eksistensen av rettsstatar og rettsleg vern av dei einskilde individ stått sentralt.

---

8 Høstmælingen 2003, s. 38

9 Høstmælingen 2003 , s. 29-31

10 Store Norske Leksikon på internett, Menneskerettigheter

11 Store Norske Leksikon på internett, Menneskerettigheter

12 Jørgensen(2010), s. 18

## Menneskerettane i si noverande form

FN-pakta i 1945 var starten for det internasjonale rettsvernet som mellom anna stod for verdiar som menneskerettane. Det var først gjennom FN-pakta i 1945 at skyddingen av einskildsmenneske fekk ein sentral plass i det internasjonale rettssystemet.<sup>13</sup> Tidlegare har lover som har skydda verdiar som menneskerettane eksistert kun på nasjonalt nivå i nokre statar. Det internasjonale samfunnet blei deretter einige om kva som skulle ligge i begrepet menneskerettar, gjennom verdserklæringa om menneskerettane av 1948.<sup>14</sup>

FNs menneskerettserklæring av 1948 var altså ikkje rettsleg bindande, men var ei einighet om kva som ligg i begrepet menneskerettar. Men i tiåra etterpå blei det utarbeida fleire internasjonale konvensjonar frå FN som statar kunne ratifisere og som var rettsleg bindande. Dei to første var konvensjonen om sivile og politiske rettar(SP), og konvensjonen om økonomiske og sosiale rettar(ØSK) av 1966.<sup>15</sup> At ein konvensjon er rettsleg bindane betyr i denne samanhengen ein konvensjon i folkerettsleg forstand,<sup>16</sup> altså er ein konvensjon er altså ei rettsleg bindande avtale mellom statar.<sup>17</sup> Mekanismane som skal sørge for at landa etterlever desse konvensjonane er nedfelt i konvensjonane,<sup>18</sup> som til dømes komitear som skal være overvakningsorgan for gjennomføring og kontrollere stoda til gjennomføringa av konvensjonane i dei forskjellige landa. Også regionale avtaler og konvensjonar knyta til menneskerettane har blitt etablert, som den europeiske menneskerettskonvensjonen i 1950,<sup>19</sup> og det afrikanske chartret om menneskes og folks rettar.<sup>20</sup>

Årsaka til at det i fyrste omgang blei laga to forskjellige konvensjonar, og ikkje ein samla, var mellom anna vanskar med å einast om eit felles gjennomføringssystem,<sup>21</sup> samt at skilnader i rettanes natur gjorde det naturleg å skilje dei i to konvensjonar med to forskjellige gjennomføringssystem. SP er knytt nærmare til juridiske prøvingsmekanismer, mens ØSK er knytt meir til dialogbaserte ordningar.<sup>22</sup>

---

13 Høstmælingen 2003, s. 32

14 Høstmælingen 2003, s. 30

15 Høstmælingen 2003, s. 32

16 Høstmælingen 2003, s. 42

17 Høstmælingen 2003, s. 86

18 Høstmælingen 2003 , s. 30

19 Høstmælingen 2003, s. 32-33

20 Høstmælingen 2003, s. 66

21 Høstmælingen 2003, s. 42

22 Høstmælingen 2003, s. 72

Verdserklæringa av menneskerettane, samt dei to konvensjonane SP og ØSK, dannar plattforma i det spesifikke folkerettslege rammeverket om menneskerettane,<sup>23</sup> altså eit konkret lovverk. Menneskerettserklæringa inneheld alle dei sentrale menneskerettane, og dei to konvensjonane av 1966, som er underskrevet og ratifisert av eit stort antal statar, er eit forsøk på å verkeleggjere to viktige temaområder i menneskerettserklæringa, sivile og politiske rettar, og økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Menneskerettane kan bli verkeleggjort gjennom nasjonale statars lov og rettssystem, og gjennom andre tiltak i samfunnet. Menneskerettane har altså eit nedslagsområde som går utover det reint juridiske, sjølv om det juridiske spelar ei sentral rolle i skyddinga av einskildsindividet. Det finnes fleire konvensjonar som har kome frå FN-systemet etter SP og ØSK, som har tatt føre seg fleire av temaa i verdserklæringa, men eit mindre antal land har underskrevet desse i forhold til SP og ØSK. I verdserklæringa finner vi altså dei store og overordna mål og definisjonar av menneskerettane, og i SP og ØSK finner vi to viktige forsøk på å sette dei viktigaste menneskerettane ut i live, gjennom folkerettsleg forpliktande konvensjonar.

Sjølv om land ratifiserer konvensjonar så blir dei ikkje alltid følgd likevel. FN og konvensjonskomiteane har relativt få moglegheiter til å straffe land og stader som ikkje følger menneskerettane og sine internasjonale avtaler, i alle fall om ein samanliknar med kva som skjer om ein borgar bryter lova i landet sitt. Men nokre verktøy har dei.

Konvensjonskomiteane kan komme med anbefalingar, konklusjonar og i nokre tilfelle dommar, og om den aktuelle staten ikkje etterlever desse, er det sterke virkemiddelet dei har utestenging frå fellesskapet. Desse verkamiddela kan kanskje synast svake, men gjennom å trekke inn begrep som "shaming" og "fingerpointing", altså ein form for offentleg uthenging, meiner ekspertar på området at desse metodene kan være effektfulle.<sup>24</sup>

### **3.2.2 Om begrepet verdsbilete**

Verdsbilete, eller *worldview*, er eit filosofisk og antropologisk begrep som blir brukt for å beskrive grupper eller einskildmenneskes oppfatning av verda omkring dei. Begrepet har

---

23 Høstmælingen 2003, s. 32

24 Høstmælingen 2003, s. 31

ikkje nokon fast definisjon, men har dei siste tiåra vore i utstrakt bruk.<sup>25</sup> Paul G. Hiebert i boka Transforming Worldviews(2008) definerer hans bruk av begrepet som kva menneske i eit gitt samfunn tek som sjølvsagte sanningar, kartet dei har av verkelegheita som dei brukar å leve etter.<sup>26</sup> Dahl(2001) siterer Charles Kraft som definerer verdsbilete som "eit sett meir eller mindre systematiserte trusforestillingar og verdiar som ei gruppe menneske brukar for å vurdere og å gi mening til sine omgivelsar".<sup>27</sup> Det er blitt utvikla modellar for å prøve å beskrive korleis menneskes verdsbilete er bygd opp. Hiebert har i si bok frå 1985 laga ein modell som kan fungere som kart som forsøker å beskrive korleis verdsbileta er oppbygde og korleis dei heile tida blir påverka av ytre faktorar. Han bygger den opp i tre lag. Den ytтарste er den kognitive kategorien, som gjer at eins kultur har ei logisk ramme og forståing av tilværet, den set ting i samanheng. Den midtarste er den affektive, den bestemmer kva som blir rekna for vakkert eller stygt i ein kultur, som til dømes i kunst, klede og haldningar rundt livet generelt. Den innarste er den evaluative, den bestemmer kva som er rett og gale, altså verdiane i ein kultur, som til dømes blir definert gjennom religionen. Som vi ser av modellen så blir desse tre indre laga heile tida påverka av ytre kjelder.<sup>28</sup>

### **3.3 Analyse**

#### **3.3.1 Menneskerettane som analysereiskap**

##### **Madagaskars menneskerettsavtaler**

Madagaskar er medlem i fleire internasjonale organisasjoner som mellom anna har menneskerettane som ein del av sin agenda. Dei mest sentrale når det gjeld menneskerettar er FN og den Afrikanske Union. Madagaskar har i tillegg til SP og ØSK også ratifisert FNs kvinnediskrimineringskonvensjon, FNs barnekonvensjon, tilleggsprotokoll til FNs

---


25 Hiebert 2008, s. 13

26 Hiebert 2008, s. 15

27 Dahl 2001, s. 131

28 Hiebert 1985, s. 45-48

barnekonvensjon om barn i væpnet konflikt, FNs rasediskrimineringskonvensjon, FNs torturkonvensjon, flyktningkonvensjon og konvensjonen om den internasjonale straffedomstolen.<sup>29</sup> Madagaskar er også medlem i den Afrikanske Unionen(AU), men er no suspendert fordi AU anser dei noverande styresmaktene for ulovlege. Madagaskar har ratifisert chartret om menneskers og folks rettar, som er tilknytta den AU. Chartret til AU gjentar i all hovudsak rettane som kjem fram i verdserklæringa om menneskerettar.<sup>30</sup>



### SP og ØSK si viktige rolle

Dei to mest sentrale internasjonale menneskerettslege avtalene Madagaskar er tilknytta er SP og ØSK. Dette fordi dei inneholder dei fleste av dei sentrale menneskerettane, og er rettskraftige konvensjonar under folkeretten. På grunn av deira omfang og rettslege posisjon vil eg bruke desse to konvensjonane som autoritet og være inspirert av dei tilhøyrande konvensjonskomitéanes standardar når eg prøver å vurdere den menneskerettslege situasjonen på hjå mine informantar og på Madagaskar.

Måten dei to konvensjonsorgan arbeider er ved hjelp av komiteane som er oppretta i tilknyting til dei. SP har danna FNs mennskerettskomite(HRC),<sup>31</sup> mens ØSK har danna FNs

29 Amnesty International Report 2011, s. 374-375

30 Høstmælingen 2003, s. 66

31 Høstmælingen 2003, s. 46

komité for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar(CESCR).<sup>32</sup> Dei to komitéane har noko forskjellige arbeidsmetoder. Årsaka til at det blei danna to konvensjonar og dermed to komitéar under desse var nettopp ueinigheiter om arbeidsmetodene og gjennomføringa av forskjellige typar menneskerettar.<sup>33</sup>

### Om å vere inspirert av konvensjonsorganas prinsipp i analysa

Mi analyse vil sjølv sagt ikkje være like omfattande som komitéane sitt arbeid. Men med gitte begrensingar som i stofftilfanget frå mine informantar, samt inspirasjon frå folkerettslege metodemessige prinsipp som seier at vektlegginga skal ligge på sjølve konvensjonstekstane, og ikkje på vanskeleg tilgjengeleg tilleggsmateriale,<sup>34</sup> at ordene i konvensjonane skal tillegges ordenes vanlege betydning,<sup>35</sup> samt i nokre tilfeller belyse artiklane gjennom dei såkalla generelle kommentarane, så trur eg at eg kan produsere materiale som er relevant i forhald til dei menneskerettslege problemstillingane på Madagaskar.

### SP som analysereiskap

SP seier at landa som har undertekna konvensjonen må både avstå frå i gjere tinga som er forbode i konvensjonen, som til dømes tortur(artikkel 7), samt at landa må jobbe for iverksette tiltak for at rettane kan gjennomførast, som til dømes val(artikkel 25(b)), altså både såkalla negative og positive rettar. SP krever at rettane skal respekterast og sikrast. Korleis dette skjer er i og for seg uinteressant. Artikkel 2(2) seier at statane skal sikre rettane gjennom lovendring eller gjennom andre tiltak. Artikkel 4 seier at i krisetider, kan nokre av rettane suspenderast, men ikkje artiklane 6(m.a. rett til liv), 7(tortur), 8(paragraf 1 og 2)(slaveri), 11(kontraktsfengsel), 15(lover med tilbakevirkande kraft), 16(om å være rettssubjekt) og 18(tanke og religionsfreiheit). Mange av rettane i SP er av ein slik karakter at gjennomføring gjennom lovgivining vil være naturleg. Men i tillegg, og kanskje i staden for, setter mange statar i gang tiltak som til dømes informasjonsarbeid, opplæring av juristar, overvåkning av

32 Høstmælingen 2003, s. 44

33 Høstmælingen 2003, s. 42

34 Høstmælingen 2003, s. 89-90

35 Høstmælingen 2003, s. 87

menneskerettssituasjonen og økonomiske støtteordninga. Det er opp til statane korleis dei vil sikre at rettane i konvensjonen blir holdt, men FNs menneskerettskomité, altså komitéen tilknytta SP, uttrykker at gjennomføring gjennom lovgjeving blir sett på som den måten rettane får størst skydding.<sup>36</sup> Nøkkelen for min analyse av gjennomføring og oppfølging av rettane i SP, er at SP krever at rettane skal følgast, og at korleis dette skjer er uinteressant.

### ØSK som analysereiskap

ØSK seier i følge artikkel 2 at statar som sluttar seg til konvensjonen forpliktar seg til "å sette alt inn på at dei rettane som anerkjennast av denne konvensjonen, gradvis blir gjennomført". Dette kan bli tolka som om at ein setter krav til handlemåtar framfor resultat.<sup>37</sup> I artikkel 2(1) står det at konvensjonen skal gjennomførast "fullt ut, og med alle egna midler, og då særleg lovgjevningsvedtak". Altså har ØSK eit liknande haldning som SP når det gjeld inkorporering av rettar i lovverk. Skilnaden mellom ØSK og SP ser ein når ein ser på tidsperspektivet i gjennomføringa av rettane. Gradvis gjennomføring er målestokken fordi ein ikkje kan kreve at alle statar oppfyller konvensjonens krav på alle områder, men at dei vil trenge tid før full oppfyllelse skjer. Men eit visst minimumsvern krevst. Desse er formulert av komitéen for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar gjennom General Comment No. 3, og denne kommentaren seier at det landet som har eit betydeleg antal individ som manglar mat, har ikkje tilgang på enkle helsetenester, har ikkje tilgang på enkle buforhald og har ikkje tilgang på grunnleggane skulegong bryter konvensjonen.<sup>38</sup> Dette kjem ikkje av sjølve konvensjonen, som ikkje prioriterar nokre rettar framfor andre, men av ein erkjennelse av at nokre rettar er meir viktige for mennesket enn andre.

Når det gjeld den gradvise gjennomføringa ser ein på statars ressursbruk over tid, til dømes kan stor ressursbruk på militære utgifter vanskeleg kunne forsvarast om dei til dømes ikkje har midler til gratis grunnskule.<sup>39</sup> Ei ekspertgruppe under FN har utvekla ei liste på kva forhald som konstituerer eit brot på rettane i ØSK. Denne lista heiter The Limburg Principles. Det er mi eiga omsetjing i parantes.

(a) it fails to take a step which the Covenant requires it to take;

36 Høstmælingen 2003, s. 46-48

37 Høstmælingen 2003, s. 44

38 Handbook for National Human Rights Institutions, Economic, Social and Cultural Rights 2005, s. 22

39 Høstmælingen 2003, s. 44-46

- ((a) det mislukkast i å ta steget som konvensjonen krever at det tek;)
- (b) it fails to remove promptly obstacles which it is obligated to remove to permit the immediate fulfilment of a right;
- ((b) det mislukkast i å fjerne straks hindringar som det er "krevd" å fjerne for å tillate den umiddelbare oppfyllelsen av ein rett;)
- (c) it fails to implement without delay a right which the Covenant requires it to provide immediately;
- ((c) det mislukkast i å implementere uten forsinking ein rett som konvensjonen krever at den framskaffar straks)
- (d) it wilfully fails to meet a generally accepted international minimum standard of achievement, which is within its powers to meet;
- ((d) det mislukkast med vilje å møte ein generelt akseptert internasjonalt minimumsstandard på oppnåelse, som er innanfor dets "kraft" å oppnå;)
- (e) it applies a limitation to a right recognized in the Covenant in a manner not in accordance with the Covenant;
- ((e) det handhever ein begrensning på ein rett anerkjent i konvensjonen på ein måte som ikkje er i samsvar med konvensjonen;)
- (f) it deliberately retards or halts the progressive realization of a right, unless it is acting within a limitation permitted by the Covenant or it does so because of a lack of available resources;
- ((f) det forsinkar eller held tilbake med vilje den progressive realiseringa av ein rett, unntatt når det opererer innanfor grensene tillatt av konvensjonen eller det gjer det på grunn av mangel på tilgjengelege ressursar;)
- (g) it fails to submit reports as required under the Covenant.

((g) det mislukkast i å levere rapport som krevd i følge konvensjonen;)<sup>40</sup>

Som ein kan sjå er det mogleg å dele desse prinsippa inn prinsipp om det å mislukkast i oppnå måla(a, b og c), og å mislukkast med vilje i å oppnå måla(d, e og f).

Nøkkelen til mi analyse av rettar knytta til ØSK ligger i desse retningslinjene om minimumsvern og i Limburgprinsippa.

---

40 Høstmælingen 2003, s. 46

## Konvensjonskomitéanes organisering og mi rolle

Komitéane tilhøyrande dei to konvensjonane har forskjellige arbeidsmåtar og metoder i sitt arbeide. Kort fortalt har FNs menneskerettskomité(HRC) fleire redskaper enn FNs komité for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar(CESCR). HRC behandlar statsrapportar, statsklager og individklager, mens CESCR behandlar berre statsrapportar. Statsrapportar er ein form for "sjølvangivelse" frå statane tilslutta konvensjonen som dei må leve, statsklager er klager frå andre stater over ein stat, men denne er veldig lite brukt, og individklager er klager frå einskildsindivid. Individklager er mykje brukta.<sup>41</sup> Altså kan det virke som om spesielt CESCR vil få lite tilgang til relevant informasjon om landa tilknyta konvensjonen, då det er dei potensielle konvensjonsbryterane sjølve som skal stå for all tilgjengeleg informasjon. Men komitéane mottar også såkalla "skuggerapportar", frå til dømes ikkje-statlege organisasjonar, som gir komitéane eit større datagrunnlag. Denne praksisen er blitt godt innarbeidd som ein del av komitéane arbeidsmetode.<sup>42</sup> Det er som ein del av dette arbeidet eg håpar mi oppgåve kan bidra med å gi eit utfyllande bilet.

### 3.3.2 Verdsbilete som analysereiskap

Eg vil i denne oppgåva bruke begrepet verdsbilete for å prøve å gi eit fyldigare bilet av mine informantars oppfatningar og utsegn. Biletet som blir teikna av mine informantars verdsbilete håpar eg vil gi eit utfyllande bilet med hensyn til mine informantars meiningar om til menneskerettane. Eg vil mellom anna bruke kjente fenomen som kan vere ein del av det gassiske verdsbiletet, som til dømes religiøse krefter og kulturelle fenomen og beskrivelsar, til å forsøke å vise verkelegheita mine informantar lever i. Eg håpar desse generelle betraktingane kan kanskje på ein forsiktig måte seie noko om korleis mine informantar oppfattar og forholder seg til verda omkring seg. Spesielt i kategorien Personleg tru og religiøse perspektiv, og i kategoriane om menneskerettar, vil ein beskrivelse av mine informantars moglege verdsbilete kanskje kunne gi eit utfyllande bilet av deira oppfatningar og utsegn.

---

41 Høstmælingen 2003 , s. 76-80

42 Høstmælingen 2003, s. 77

## 4.0 Om Madagaskar

### *4.1 Madagaskars geografi, befolkning, historie, noverande politiske situasjon og økonomiske tilstand*

#### Geografi og befolkning

Madagaskar ligger aust for Afrika og strekker seg fra 12 til 20 sørlege breddegrad.

Madagaskar er verdas fjerde største øy.<sup>43</sup> Landet er omtrent like langt som Norge,<sup>44</sup> men har eit areal på rundt det dobbelte.<sup>45</sup> Landet har omtrent 22 millionar innbyggjarar. Ca 43 prosent er kristne, kor omtrent halvparten er katolikkar, ca 50 prosent tilhøyrer dei lokale religionane og 7 prosent er muslimar.<sup>46</sup> Kristendommen er den dominante religionen. Den muslimske befolkninga bur for det meste i nord og nord-vest.<sup>47</sup> Befolkninga har blanda etnisitet då befolkninga stammar frå innvandrarar frå både det afrikanske fastlandet og Sør-Aust-Asia.<sup>48</sup> I hovudsak er befolkninga som er mest prega av afrikansk opphav busatt ved kysten, og befolkninga som er mest prega av Sør-Aust-Asiatisk opphav busatt i innlandet, men heile befolkninga er av meir eller mindre blanda etnisk opphav.<sup>49</sup> Mange frå kysten har og flytta til hovudstaden og dei andre store byane i innlandet. Det finnes forskjellige stammer og folkegrupper i landet, men alle har også ein samla gassisk identitet og alle snakkar gassisk, dog med dialektforskjellar.

---

43 Store Norske Leksikon på internett, Madagaskar

44 Dahl 2008, s. 30

45 Store Norske Leksikon på internett, Madagaskar

46 Store Norske Leksikon på internett, Madagaskar, befolkning

47 Dahl 2008, s. 239

48 Store Norske Leksikon på internett, Madagaskar

49 Dahl 2008, s. 45

## Historie

Det skjedde altså innvandring frå to stader til den då ubebudde øya Madagaskar, frå fastlandsafrika og frå Sør-Aust-Asia. I følge Dahls(2008) bok om Madagaskar er ein ikkje einige om om kven som kom først til Madagaskar av dei to gruppene, eller kor tid dei kom. Dei eldste arkeologiske spora etter menneske på Madagaskar er frå ca år 400 etter Kristus. Dette er ved kysten på Nord-Madagaskar.<sup>50</sup> Ein etnolog Beaujard som Dahl omtalar i si bok meiner den fyrste kontakta mellom Sør-Aust-Asia og Madagaskar blei oppretta rundt år 0, og at kontakt mellom dei to plassane foregikk i bølger heilt fram til europeane kom på 1500-talet.<sup>51</sup> Den afrikanske innvandringa til Madagaskar henger saman med den såkalla bantuekspansjonen, kor jordbruksfolk frå innerst i den noverande Guineabukta i dagens Kamerun og Den sentralafrikanske republikk, utvandra både vestover, austover og sørover. Bantufolka hadde kommet til austkysten av fastlands-Afrika omkring år 0.<sup>52</sup> Øygruppa Komorene har kunne fungere som mellomstasjonar og retningsvisarar på havet på vegen til Madagaskar frå det austafrikanske fastlandet, som ein kan krysse med ganske primitive farkostar.<sup>53</sup> Forskarar er ikkje einige om kven av dei to folkegruppene som kom først til Madagaskar, og kanskje har det også skjedd møter og blanding mellom folkegruppene på kysten av det Afrikanske fastlandet, før dei dro til Madagaskar.<sup>54</sup> Når det gjeld kulturell og språkleg innflytelse dominerer den Sør-Aust-Asiatiske innflytelsen, men med lånord frå afrikanske språk og andre språk, som til dømes arabisk, og kulturelle innslag frå Afrika og andre sjøfarande folk.<sup>55</sup>

Heile øya blei etterkvart bebudd, først kystområda og seinare innlandet. På 1500-1600 hadde det vokst fram mange mindre kongedømer. I 1820 blei merinastammen, som held til på innlandet på Madagaskar, sin posisjon og dominans styrka gjennom ei avtale med Storbritannia. Denne avtala blei seinare broten, men merinastammen og innlandsbefolkninga har behaldt sin dominerande posisjon. Frankrike spelte etter kvart ei meir dominerande rolle i det indiske hav. I 1896 blei Madagaskar ein fransk koloni. Kolonitida bar preg av undertrykking, men også utvekling av landets infrastruktur og økonomi. I 1956 blei

50 Dahl 2008, s. 55

51 Dahl 2008, s. 42

52 Dahl 2008, s. 54

53 Dahl 2008, s. 55

54 Dahl 2008, s. 56

55 Dahl 2008, s. 36

allminneleg stemmerett innført. Gjennom val fekk Madagaskar si sjølvstende i 1960. På starten av syttitalet var Madagaskar prega av politisk uro, som endte med at Didier Ratsiraka blei president i 1975. Ratsiraka knytta lause band til Sovjetunionen. Ratsiraka blei gjenvalgt i 82 og 89. Ei sterk demokratirørsle gjorde at fleirpartistyre blei innført i 1990. Albert Zafy, som leidde eit av partia som blei danna då fleipartistyre blei danna, vann valet i 1992. Men Ratsiraka vann valet att i 1996. I valet i 2001 var det sterke uoverensstemmelsar om kven som vann valet, då begge kandidatane, Marc Ravalomanana, då ordførar i Antananarivo, og Ratsiraka, utropa seg til vinnarar. Ei ny opptelling avgjorde at Ravalomanana vann valet og Ratsiraka reiste i eksil.<sup>56</sup>

#### Bakgrunnen for den noverande politiske situasjonen

Etter at president Ravalomanana blei tilkjent valsigeren i 2002, hadde Madagaskar i åra framover eit godt forhald til det internasjonale samfunn generelt og den vestlege verda spesielt. Landet hadde og positiv utvekling på områder som fattigdomsbekjempelse, betring av styresett, respekt for lova, økonomisk vekst og marknadsliberalisering. Landet mottok økonomisk støtte frå utlandet. President Ravalomanana fekk solid støtte i val, som har blitt rekna for rettferdige, om enn med noko lav valdeltagelse i dei seinaste vala, og ikkje ei reell opposisjon. Staden Ravalomanana fyrst mista makta var i hovudstaden, då han i 2007 mislukkast i å hjelpe sitt partis kandidat å vinne ordførarvalet i Antananarivo. Dette ordførarvalet vann Andry Rajoelina, ein media entreprenør og tidlegare diskjockey. I etterkant av dette blei regjeringa under Ravalomanana skulda for å forsinke finansieringa til forskjellige infrastrukturprosjekt i hovudstaden, og i å styre investeringar vekk i frå byen. Støttespelarane til ordførar Rajoelina meinte desse handlingane hadde til føremål å underminere den nye ordføraren. Spenninga mellom dei to gruppene auka.<sup>57</sup>

I desember 2008 stengde Ravalomananas regjering ein tv-stasjon eigd av ordførar Rajoelina, etter at den sendte ei tale av tidlegare president Ratsiraka. Ein månad seinare blei Rajoelinas radiostasjon stengd, og då arrangerte han ein offentleg demonstrasjon som krevde at stasjonane skulle gjenopnast, og skulda president Ravalomanana for korruption og for å vere autoritær. Presserapportar seier at 40 000 var med i desse demonstrasjonane. Rajoelina

---

56 Store Norske Leksikon på internett, Madagaskar - Historie, (heile avsnittet)

57 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 3 (heile avsnittet)

meinte at stasjonane hans blei stengde som ein del av ei politiskmotivert kampanje mot han.<sup>58</sup>

I henhold til gassisk lov fjerna Ravalomanana Rajoelina frå hans embete 3. februar 2009, etter at han hadde erklært at han ville ta over den sentrale styringa av landet og ville lage ei parallel regjering. Rajoelina ville stille Ravalomanana for retten, men blei nekta det av domstolane. Rajoelina haldt fram med å kreve at presidenten skulle bli stilt for riksrett, og at han skulle bli arrestert, og at det blei etablert ei mellombels regjering til å leie landet i to år fram til grunnlova blei omskreven og val halde. Ravalomanana, som var venta til å vere med i det ordinære valet i 2011 for å bli gjenvallt, offentleg bekjente feil som var gjort av hans regjering under krisa, og foreslo at ei nasjonal konferanse skulle bestemme om han framleis skulle vere president. Rajoelina avslo forslaget hans.<sup>59</sup>

Militæret på Madagaskar har tradisjonelt beholdt sin nøytralitet under politiske konfrontasjoner, og likeså uttrykte dei dette i byrjinga av denne saka. Men i starten av 2009 var det ting som tyda på at dei i aukande grad støtta Rajoelina. Militærpolitiet støtta Rajoelina aktivt og fleire militære einingar utførte mytteri tidleg i mars 2009. Tiande mars tvang ei gruppe soldatar forsvarsministerens avgang, som berre hadde hatt kontoret ein månad. Hans forgjengar hadde gått av i protest i februar etter at sikkerheitsstyrker skaut på demonstrantar i eit opposisjonsmøte. Det blei meldt om 30 døydde og 200 skada etter den hendinga. Støttespelarane til Rajoelina tok til gatene i eit forsøk på å ta over regjeringskontora og kasta murstein og steiner på sikkerheitsstyrkene. 11. mars satte ein oberst i militæret militærsjefen til side etter at det blei påstått at han advara at hæren ville gripe inn i krisa om den ikkje blei løyst innan 72 timer. Pressemeldingar om at stridsvogner blei køyrde ut 13. mars i og rundt hovudstaden, angiveleg for å hindre at presidenten brukte leigesoldatar for å beskytte regimet hans, aukte bekymringane for eit statskupp.<sup>60</sup>

Rajoelina haldt fram med å seie at Ravalomanana burde arresterast. 16. mars overtok soldatar eit presidentpalass og sentralbanken. President Ravalomanana var ikkje til stades i palasset. Støttespelarar til Rajoelina begynte å ta kontroll over andre regjeringsbygningiar, inkludert statsministerkontoret, og det blei rapportert at Rajoelina plasserte seg sjølv i presidentkontora 17. mars. President Ravalomanana annonserte at han trakk seg og overførte hans autoritet til eit militært direktorat. Men dette militære direktoratet blei aldri samankalt. Militæret anerkjente vidare Rajoelina autoritet som president av overgangsregjeringa,

---

58 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 4

59 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 4

60 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 4

HAT(fransk akronym). Den høgste retten i landet anerkjente Rajoelinas autoritet neste dag og han blei innsatt som president av HAT 21 mars. Rajoelina suspenderte parlamentet , som var dominert av Ravalomananas parti.<sup>61</sup>

Politiske spenningar haldt fram på Madagaskar, med sporadiske demonstrasjonar, samt noko uro i Rajoelinas eigne rekker, mellom anna blei ministeren for dei væpna styrkene sparka på grunn av rykter om statskupp.<sup>62</sup>

Det internasjonale samfunnet, med FN, AU og SADC i spissen, har i samarbeid med det gassiske kyrkjekonsilet fleire gongar forsøkt å mekle mellom Rajoelina og Ravalomanana. Fram til no har det ikkje ført til nokon større gjennombrot. Madagaskar er suspendert frå AU og SADC.<sup>63</sup>

17. september 2011 blei det underskrevet eit såkalla vegkart, som inneheld mellom anna ein plan til å halde val og har som mål å normalisere den politiske situasjonen i landet. Arbeidet går framover, men nokre punkt i vegkartet har ikkje blitt fulgt opp av dei noverande styresmaktene, som til dømes at eks-president Ravalomanana skal få amnesti og skal kunne komme tilbake til Madagaskar. Dette gjer at prosessen går saktare enn forventa.<sup>64</sup>

### Noverande økonomisk situasjon på Madagaskar

Den gassiske økonomien har lidd under den politiske krisa på Madagaskar. Frå sterkt vekst kvart år under Ravalomanana på starten av 2000-talet, så minka økonomien med -3,7% i kuppåret 2009. I 2010 var det ein svak framgang på 0,6%, mens ein trur talet for 2011 vil vere ein framgang på 1%.<sup>65</sup> Dette er noko som merkast i alle lag i samfunnet, men spesielt blant landets fattigaste.

Turismen halverte seg frå 2009 til 2010. Arbeidsløyse, därlegare matsikkerheit, kriminaliteten og korrupsjonen aukar.<sup>66</sup>

All direkte økonomisk støtte til styresmaktene på Madagaskar er stoppa av medlemmene av det internasjonale samfunnet som står bak straffetiltaka, med unntak av Frankrike. Pengane blir heller forsøk kanalisiert gjennom ikkje-statlege organisasjonar og

61 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 5

62 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 5

63 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 5

64 World Food Programme: Madagascar Food Security Monitoring System Quarterly Bulletin, 1st Quarter 2012, s. 1

65 CIA World Fact Book - Madagascar

66 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 8

veledige organisasjonar, som sia krisa har auka sine budsjett, men desse er därlegare koordinert. Kina har auka si rolle på Madagaskar, spesielt innen gruveindustrien.<sup>67</sup>

76% av befolkninga levde under fattigdomsgrensa, som er satt til 468800 Ariary, eller 234 US Dollar(ca 1400 kroner) i 2010. 57% av befolkninga lever i ekstrem fattigdom.<sup>68</sup>

#### **4.2 Gassisk kultur**

Begrepet kultur brukast om tanke-, kommunikasjon- og adferdsmønstre hjå menneske.<sup>69</sup> I samfunnsvitskapleg forstand omfattar begrepet "dei menneskegjorte delene av våre omgivelsar".<sup>70</sup> I denne oppgåva brukar eg kulturbegrepet som noko som presenterer velkjende tradisjonelle verdiar og kulturelle fenomen på Madagaskar. Eg kjem til å bruke nokre av desse verdiane når eg prøvar å beskrive verdsbiletet til mine informantar.

Til forskjell frå mange andre afrikanske land er Madagaskar eit relativt homogent samfunn. Dette kan begrunnast i at alle på Madagaskar snakkar gassisk, som sjølv om det finnes ein del dialektkilnader. Det er også mange fellesstrekk i kulturen over heile øya. Innbyggerane i landet har ein felles gassisk identitet, som ein gjerne kan sjå uttrykt til dømes gjennom bruken av ordet gasy som ofte brukast i reklamer og liknande.

Øyvind Dahl(2008) har i si bok ei fin oversikt over forskjellige kjelder gassisk kultur og det gassiske samfunnet har blitt prega av, både i historisk og moderne perspektiv. Frå austronesisk(Sør-Aust-Asiatisk) kultur kjem språk, gravskikkar, anekult, risdyrkninga, smedkunsten, utriggarkanoane og mange andre ting. Frå arabisk kultur kjem astrologi, kalender, spådomskunst, mange lånord, omskjæring av gutter og muslimske innslag. Frå bantukulturen i Afrika kjem kvegdrift, lånord, brødresolidaritet og organiseringa av kongedøma. Frå europeisk kultur kjem latinske bokstavar, kristendom, moderne teknologi, administrasjon, byråkrati og politiske system.

Dahl gir og i si bok ein fyldig presentasjon av gassisk kultur og sosiale fenomen på Madagaskar. Han har hatt mest fokus på det såkalla innlandet på Madagaskar, det vil seie mellom anna i hovudstaden, og det er der mine informantar bur. Men mange av desse

67 Congressional Research Service, Madagascar Political Crisis, 2011, s. 9

68 World Food Programme: Madagascar Food Security Monitoring System Quarterly Bulletin, 1st Quarter 2012, s. 2

69 Store Norske Leksikon på internett, kultur

70 Lille Norske Leksikon, 2000 , kultur

fenomena kan også seiast å gjelde for heile Madagaskar.<sup>71</sup> Eg vil her kort ta føre meg dei temaat som eg ser på som det mest relevante frå hans bok.

Om ein skal seie noko generelt om tradisjonell gassisk kultur så har den vore fokusert på å ha blikket vendt mot forfedrene, altså at dei foregåande generasjonane har hatt ein sentral plass i menneskes dagleliv. Madagaskar har blitt kalt forfedrenes land.<sup>72</sup> Anene har ein moralsk autoritet, og viss ein til dømes utfører ein kriminell handling så kan ein bli utestengt frå fellesgrava. Dette er rekna for noko av det verste som kan skje eit menneske, å bli utestengt frå det evige fellesskapet med anene til evig fortapelse. Tilknytta dette fokuset på forfedrene blir det blant nokre stammar, særleg i innlandet, arrangert såkalla likvendigssermoniar. Dei religiøse aspekta ved desse fenomena og sermoniane har blitt motarbeida av dei kristne kyrjene, spesielt dei protestantiske kyrkjene.<sup>73</sup> Ein av mine ekspertinformantar seier at haldninga, som til dømes å legge stor vekt på korleis eins forfedre gjorde ting, framleis er levande.

Som i mange andre ikkje-vestlege land spelar familie og slektsfellesskap ei sterkare rolle enn kanskje vi er vant til. På Madagaskar blir desse forhalda blir formulert gjennom begrepet *fihavanana*, det gassiske slektsfellesskapet. Korleis ein betraktar storfamilien og slektsfellesskapet kjem til dømes til uttrykk gjennom bruken av orda for far og mor. Desse er ikkje berre forbeholdt eins biologiske far eller mor, men brukast også om onkler og tanter.<sup>74</sup> På same måte gjeld det i omtalen av syskjenborn, dei omtalar ein gjerne som brødre og systre. Om ein vil spesifisere at det gjeld dei vi kallar syskjen, så kan ein omtale dei som bror eller syster frå same mage.<sup>75</sup> Slekt har ein funksjon som sosial forsikring. Ved fødsel, bryllaup, sjukdom eller død bidrar slekt til å bære byrdene og utgiftene. Til dømes kan born bli satt bort til rikare slektningar. Men systemet kan også bli utnytta, til dømes gjennom at så snart ein i slekt har gjort det bra økonomisk, så kan fattigare slektningar flytte inn til han.<sup>76</sup> Fenomen som kan likne på den nordiske jantelova, finnes i gassiske ordtak. "De høye trær hates av vinden, og den rike hates av folket."<sup>77</sup> I møte med det moderne arbeidslivet kan det gassiske slektsfellesskapet få utslag i det som vi kallar nepotisme, då hensynet til slekt kan bli det som vege tyngst i til dømes ein ansettelsesprosess. Men i dei større byane blir det eit

---

71 Dahl 2008, s. 153

72 Dahl 2008, s. 151

73 Dahl 2008, s. 179

74 Dahl 2008, s. 154

75 Dahl 2008, s. 154-155

76 Dahl 2008, s. 156

77 Dahl 2008, s. 157

stadig meir profesjonalisert arbeidsliv. Dei to systema virkar i praksis ofte i lag.<sup>78</sup>

Fihavanabegrepet strekker seg også utanfor biologiske slektsforhold. Det er eit synonym for vennskap, solidaritet, hjelpsomheit, gode forhald, fred og harmoni.<sup>79</sup> Det altså eit begrep som blir brukt om fenomen også utanfor slektsfellesskapssfæra.

Fihavanabegrepet blir og brukt i kristne samanhengar.

Mens fihavanna er ein sosial horisontal struktur som bidrar til utjamning på godt og vondt, finnes det også ein vertikal struktur som er basert på foreldre-born-forhaldet.<sup>80</sup> Dette er ein hierarkisk struktur i familien der alle må finne sin plass.<sup>81</sup> Alle i familien er enten eldre eller yngre enn den andre, ein er til dømes aldri berre bror eller syster.<sup>82</sup> Dei eldste i slekta får ein ærefull "far-og-mor"-tittel.<sup>83</sup> (ellis har i starten av boka det gassiske ord for far og mor)

Også dette fenomenet kan bevege seg utanfor slektsfellesskapet, kor autoritetspersonar som til dømes lærarar, politikarar, prestar og misjonærar, eller folk som ein reknar for å være kloke eller ha god talekunst, kan bli tildelt tittelen "far-og-mor".<sup>84</sup>

Ein del av fenomena Dahl tek føre seg i si bok kan kanskje beteiknast som tradisjonelle og førkristne fenomen, altså ting som har potensiale å forandre seg i møte med kristendomen. Dette gjeld til dømes oppfatningar om kva som er tabu, dei religiøse sidene ved anedyrkinga og anna ikkje-kristeleg religiøsitet, og astrologiske oppfattningar. Også moralske oppfatningar, til dømes om kva som blir rekna som rett praksis og moral i forhaldet mellom kjønna, kan bli rekna med her. Eg reknar ikkje desse som veldig aktuelle i forhald til mi problemstilling og mine informantar, men i ei befolkning som i følge offisielle tal ca halvparten tilhører dei tradisjonelle religionane er det god grunn til å tru at denne type ting blir praktisert i stor grad omkring i landet.

Gassisk kultur blir rekna som ein såkalla høgkontekstkultur. Dette betyr at informasjonen i det som kommuniserast ligger i omgivelsane, i situasjonen eller dei som seier det, og lite i dei spesifikke orda som blir brukt. Ei samtale kan ofte ha eit preg av å "gå rundt grøten", altså at det ikkje blir uttalt direkte kva det handlar om, men at dei som snakkar saman går ut frå at den andre forstår det på bakgrunn av konteksten. Norsk kultur blir rekna

---

78 Dahl 2008, s. 157-158

79 Dahl 2008, s. 155

80 Dahl 2008, s. 158

81 Dahl 2008, s. 159

82 Dahl 2008, s. 160

83 Dahl 2008, s. 158

84 Dahl 2008, s. 159

som lavkontekst.<sup>85</sup>

Dahl beskriver orientalske menneske, altså gassarar, som relasjonsorienterte, og seier menneskelege nettverk, autoritetar og lojalitet er viktig for desse. Til samanlikning beskriver han vestlege menneske som kontaktorienterte, og seier effektivitet, ansvarskjensle og presisjon er viktigast for desse.

Dahl har laga ei oversikt over kva som anses som gassiske verdiar. Dei mest sentrale av desse er ei kollektivistisk orientering, at ein er relasjonsorientert og at avhengigheit er ei dyd framfor uavhengigheit. Verdiar som at folk må "bevare anletet" trekkast fram, samt at sak og person ikkje skiljast.<sup>86</sup>

Gassisk tidsperspektiv skiljer seg noko frå korleis folk i Vesten vanlegvis oppfattar tid. Dahl(2008) seier at folk på Madagaskar tenker på tida som syklist, altså at ting gjentek seg, framfor å sjå på tida som noko som beveger seg linjært. Han spurte gassiske bønder om kvifor dei sådde korn, og dei svarte at det har dei alltid gjort på denne tida, både hans far og bestefar. Altså at framtida ikkje er resultat av planlegging, men er ei gjentaking av fortida.<sup>87</sup>

Fenomen som vi vil klassifisere som rasisme eksisterer på Madagaskar. Fenomen som at folk tilhører ulike klasser og har ulik status, samt slavehandel, har djupe historiske røter på Madagaskar, då ein trur allereide dei fyrste gruppene av innvandrarar til Madagaskar hadde slike system.<sup>88</sup> Slike system er svekka i dag, gjennom innføring av til dømes kristendomen og landets politiske system, men ein av mine ekspertinformantar seier at det til dømes i innlandsområdet finnes ein bevisstheit rundt kva status og klasse eins eigen familie har, og at ekteskap på tvers av desse grensene kan vere problematisk. Også den dominerande rolla innlandsbefolkninga har i forhold til kystbefolkninga, som til dømes i landets politikk og økonomi, spelar ei rolle. Desse tinga kan gi seg utslag i diskriminering på forskjellige måtar.

Kristendom må også nemnast som ein viktig del av gassisk kultur. Kristendomen kom til Madagaskar med europeiske misjonærar, dei fyrste kom i 1648. Dei fekk meir stabil tilstedeværelse frå starten av 1800-talet.<sup>89</sup> Altså har landet, særleg i innlandet, kor hovudstaden og maktseta ligger, men også på alle nivå i samfunnet, vore prega av kristendomen i over 200 år.

Den gassisklutherske kyrkja, *Fiangonana Luterana Malagasy*(FLM), som mine

85 Dahl 2008, s. 226

86 Dahl 2008, s. 231

87 Dahl 2008, s. 184

88 Randrianja og Ellis 2009, s. 67

89 Dahl 2008, s. 237

informantar tilhøyrer, har sine røter i misjonsverksomheit kor mellom andre nordmenn har spelt ei sentral rolle.<sup>90</sup> Kyrkjas teologi og haldningar står i den lutherske tradisjonen slik som vi kjenner den lutherske kyrkja i Norge. Av skilnader kan ein kanskje nemne det som vi kallar liberalisering i kyrkja, til dømes haldningar til kvinnelege prestar, vektlegging av ekteskapet og haldningar til homofili og liknande, er i liten grad til stades i den gassisklutherske kyrkja. Den gassisklutherske kyrkja brukar liturgien som vi kjenner som den gamle norske liturgien.<sup>91</sup> Den gassiskelutherske kyrkja er og engasjert i sosialt arbeid, som til dømes gjennom dei såkalla toby'ane, samt i undervisning og utdanning, som lærarskulen i Fandriana og landbrukskulen Tombotsoa i Antsirabe.<sup>92</sup>

#### ***4.3 Den noverande menneskerettslege situasjonen på Madagaskar basert på opne kjelder***

Presentasjon av dei opne kjeldene

Tre kjelder som er anerkjent som pålitelege når det gjeld den menneskerettslege situasjonen på Madagaskar er dei årlege landrapportane frå USAs utanriksdepartement, Amnesty sine årlege rapportar og Center for Economic and Social Rights. Den nyaste rapporten frå USAs utanriksdepartement om menneskerettssituasjonen på Madagaskar er utgitt i 2011 og tek føre seg 2010, og den nyaste rapporten frå Amnesty som omtalar Madagaskar har same datering. Rapporten frå Center for Economic and Social Rights tek føre seg perioda fram mot 2009.

Desse rapportane har forskjellige fokus, arbeidsmetoder og arbeidsområder, men eg håper dei kan teikne eit godt bilet av den noverande menneskerettssituasjonen på Madagaskar basert sett frå dei større organisasjonenes perspektiv. Desse er dei mest omfattande og nyaste rapportane om menneskerettstilstanden på Madagaskar eg har funne.

Menneskerettsrapporten frå USAs utanriksdepartement

---

90 Dahl 2008, s. 244-245

91 Dahl 2008, s. 238

92 Dahl 2008, s. 246-247

Landrapportane fra USA's utenriksdepartement baserer seg på rettane som er framstilt i menneskerettserklæringa av 1948 og er inndelt sju seksjonar som tek føre seg individuelle rettar, sivile rettar, politiske rettar, korruption, statleg haldning til internasjonal og ikkjestatleg etterforskning av menneskerettsbrot, diskriminering og arbeidarrettar. Innanfor alle desse sju tematiske seksjonane er det meldt om problematiske forhald.<sup>93</sup>

Når det gjeld individuelle rettar blir det meldt at politiet og gendarmeriet har brukt ulovlege dødelege midler under etterfølgelse og arrest under både president Ravalomanana og president Rajoelina. Det blir meldt om midlertidlege forsvinningar av opposisjonspolitikarar. Det blir meldt om at fangar blir banka opp i fengsel. Det blir meldt om problematiske forhald i landets fenglser, mellom anna liger mange fangar av underernæring. Det blir meldt om tilfeller av tilfeldig arrestasjon, dette gjeld langvarige varetektsfengslinger på svakt, rettsleg grunnlag. Det blir meldt om tilfeldig arrestasjon av personar mistenkt for å drive politisk aktivitet. Det blir meldt at rettssystemet er korrupt, og at justisministeren rutinemessig uttrykte sin mening offentleg om større rettssaker, før rettane uttalte domen. Det blir meldt at det rettslege prinsippet om at ein uskuldeg fram til ein er dømt blei oversett. Andre grunnleggane rettar, som rett til advokat, blir og oversett, og det finnes og liten kunnskap i befolkningar om slike rettar.<sup>94</sup>

Når det gjeld sivile rettar er det meldt om mange tilfeller av begrensingar av ytringfriheten, mellom anna ved arrestasjon av journalistar og stenging av radiostasjonar. Det blir meldt at internett er ikkje under nokon form for overvåkning eller sensur. Det blir meldt at det er ingen restriksjonar rundt akademisk friheit eller kulturelle hendingar. Det blir meldt om begrensningar å friheten til å samlast, og opposisjonen blei fleire gongar nekta å demonstrere i hovudstaden. Det blir meldt om at organisasjonsfriheten vanlegvis blir respektert.<sup>95</sup>

Når det gjeld religionsfriheten blir det meldt at den vanlegvis blir respektert i praksis, og at det finnes lovverk til å skydde denne retten, men Madagaskar blir kritisert for ein uavklart statsborgarsituasjonen for nokre i den muslimske delen av befolkninga. Politiet under dei noverande styresmaktene blir kritisert for arrestasjon og mishandling og drap av pastorar frå den reformerte kyrkja, kyrkja som den forrige presidenten tilhøyrde, som

---

93 US State Department, 2010 Human Rights Report Madagascar, s. 1

94 US State Department, 2010 Human Rights Report Madagascar, s. 1-10

95 US State Department, 2010 Human Rights Report Madagascar, s. 11-15

engasjerte seg politisk. Ein meiner desse handlingane var politisk motiverte og ikkje forsøk på innskrenke religionsfriheita.<sup>96</sup>

Når det gjeld politiske rettar blir det meldt at landet manglar eit fungerande system for at innbyggjarane skal kunne skifte dei styrande. Det blir meldt at vala før kuppet blir rekna som rimeleg rettferdige. Det blir meldt at leiarar av opposisjonsparti fekk begrensya yttringsfriheit før kuppet.<sup>97</sup> Når det gjeld korruption, blir det meldt at korruption har auka etter kuppet i 2009, og at det er spesielt mykje korruption i politiet og gendarmeriet. Statlege organ mot korruption har vore ineffektive.<sup>98</sup> Når det gjeld statleg haldning til internasjonal og ikkjestatleg etterforskning av menneskerettsbrot, blir det meldt at både gassiske og internasjonale ikkjestatlege menneskerettsorganisasjonar har friheit til å utføre sine undersøkingar og arbeid. Få av dei gassiske ikkjestatlege menneskerettsorganisasjonane har kapasitet til å arbeide effektivt og uavhengig.<sup>99</sup>

Når det gjeld diskriminering, misbruk og trafficking, blir det meldt at voldtekter mot kvinner eller born mest sannsynleg er underrapportert. Det blir meldt på bakgrunn av talmateriale frå 2006-2007 at vald i heimen er eit utstrakt problem, ein trur at mellom ein tredjedel og halvparten av alle kvinner vil være offer for ein eller annan type vald på eit eller anna tidspunkt. Politi og myndigheter grep vanlegvis inn når fysisk misbruk blei rapportert. Det blir meldt at sexturisme var eit aukande problem før 2009 på grunn av auka turisme, og framleis er det etter kuppet på grunn av manglande arbeidsmoglegheiter. I 2007 kom eit lov som skulle ramme seksuell utnytting av born, men lova har til no ikkje ført til domfellessar. Det blir meldt at kvinner ansatt i fabrikkar i spesielle økonomiske soner for eksport, er veldig utsatt for seksuell trakasering. Ein meiner 50 prosent av desse kvinnene var utsatt for det. Det blir meldt at barnedødelegheita har auka frå 269 per 100 000 i 2004 til 498 per 100 000 i 2009. Det blir meldt at folk i rurale strok kan ha vanskeleg for å komme til helsepersonell. Det blir meldt at kvinner vanlegvis har den rettslege status som menn. Det blir meldt om nokre tilfeller at kvinner berre mottok den "tradisjonelle tredjedelen" ved samlivsbrot. Det blir meldt om lite diskriminering mot kvinner i byane, men noko meir i rurale strok der tradisjonelle verdiar stod sterkare. Det er ein viss lønsforskjell mellom kjønna. Det blir meldt at ikkjestatlege organisasjonar etterlyser meir opplysningsarbeid rundt kvinnens rettar. Det blir meldt at 25 prosent av born under fem år ikkje er registrert i offentlege register. Det blir

---

96 US State Department, International Religious Freedom Report 2010, s. 1-5

97 US State Department, 2010 Human Rights Report Madagascar, s. 15-17

98 US State Department, 2010 Human Rights Report Madagascar, s. 17-18

99 US State Department, 2010 Human Rights Report Madagascar, s. 18

meldt at misbruk av born er eit problem, og at tilfeller av valdtekter av born har i aukande grad blitt omtalt i media. Det blir meldt at i 2007 og 2008 blei satt i gong offenlege program for å jobbe mot vald mot born, barnearbeid, seksuell utnytting av born og trafficking. Det blir meldt at i 2008 var 33 prosent av jenter og unge kvinner mellom 15 og 19 år gift.

Barneekteskap er spesielt vanleg i rurale strok. Det blir meldt at born deltok i prostitusjon for å overleve både med og utan involvering av tredjepersonar. Barneprostitusjon er ein av dei viktigaste formane for barnearbeid. Ei undersøking frå 2007 visste at mellom 30 og 50 prosent av kvinnene utnytta i sexindustrien i Toamasina og Nosy Be var yngre enn 18 år. Det blir meldt at det er eit problem at born blitt etterlatt til seg sjølv på grunn av fattigdom og manglane støtte frå familien. Det blir meldt at folk med fysisk eller mentalt handikapp har dårlig tilgang til helsetenester, utdanning, arbeid, kommunikasjonsmidler og andre nødvendige tenester, samt at kvinner og jenter med handikapp ofte var ofre for vald. Det blir meldt at folk med handikapp har fått tilretteleggelsar nokre plassar i landet med hensyn til ramper og transportmoglegheiter, men at dei ofte blir diskriminert i utdanningssistema. Det blir meldt at etnisitet, klasse og regional solidaritet ofte er faktorar i ansettelsessituasjonar og utnytta i politiske kampanjer. Det finnes spenningar mellom folkegrupper frå innlandet og folkegrupper frå kysten, dette kjem spesielt fram i den politiske sfæra. Det blir meldt om generell sosial diskriminering av lesbiske, homoseksuelle, biseksuelle og transseksuelle. Spesielt prostituerte i denne gruppa er utsatt for verbalt misbruk, steinkasting, og til og med mord. Det blir meldt at det finnes lover mot "unaturlege handlingar" mellom personar av same kjønn som er under 21 år. Det blir meldt at gjennom lover av 2007 så har diskrimineringa mot personar med HIV/AIDS betra seg.<sup>100</sup>

Når det gjeld arbeidarrettar så blir det meldt at organisering i fagforeiningar er tillatt, men at det er få som faktisk er medlem, både i privat og offentleg sektor, og i dei spesielle økonomiske sonene. Det blir meldt at dei fleste arbeidarar har rett til å streike, men at dei først må gå gjennom andre alternativ, som megling. Det blir meldt at lover seier at fagforeiningar kan jobbe utan innblanding og dette blei vanlegvis respektert av styresmaktene. Offentlege ansatte har begrensa kollektive forhandlingsmoglegheiter. Det blir meldt at det finnes lover mot diskriminering av fagforeningsmedlemmar, men offentlege organ seier at nokre arbeidarar ikkje meldte seg inn i fagforeiningar i frykt av represalier. Det blir meldt at i dei spesielle økonomiske sonane så er arbeidarrettane svakare enn andre

---

<sup>100</sup>US State Department, 2010 Human Rights Report Madagascar, s. 19-25

plassar. Det blir meldt at lova forbyr tvangsarbeid, men i praksis blir mange kvinner og born tvungne inn i hushjelypyker, utnyttelse i sexyrker, gateseljarar og gruvearbeid. Fengselsfangar som ikkje er dømt til tvangsarbeid kan ikkje lenger bli tvungne til å utføre arbeid for personar i styresmaktene, men dei kan bli utleigd til offentleg bruk om fangane godtar arbeidsforhalda og lønninga. Det blir meldt at tvangsarbeid med born nesten alltid skjer i den uformelle sektoren av arbeidsmarknaden, som er ein stor andel av landets økonomi. Det blir meldt at det finnes lover mot barnearbeid, men at det ikkje finnes nok ressursar eller personell til å følge dei opp. Det blir meldt at minimumsalderen for ansettelse er 15 år, arbeidstida er maks 8 timer om dagen og 40 timer i veka og inga overtid. Det blir meldt at den internasjonale arbeidsorganisasjonen(ILO) si undersøking i 2007 sa at omtrent 28 prosent av born mellom fem og 17 år, omtrent 1,8 millioner born, jobba enten fulltid eller deltid. Av desse var 438 000 involvert i farleg arbeid. Born i rurale strok jobba vanlegvis i landbruket, mens born i byane jobba som hushjelper, transport, handel, pukkverk, barar og tigging. Det blir meldt at det blir utført begrensa antal inspeksjonar av styresmaktene i landets formelle arbeidssektor med hensyn til barnearbeid. Det er blir ikkje utført inspeksjonar i landets uformelle sektor. Det blir meldt at retningslinjer for regulering av borns arbeidsforhald blei godkjent av styresmaktene i 2007, men den politiske krissa i 2009 har satt ein stoppar for det vidare arbeidet. Det blir meldt om at regjeringa arbeidar med opplysningskampanjer. Det blir meldt at ministeriet for sivile tenester og arbeid som er ansvarleg for arbeidarrettar hadde vanskar med å gjere jobben sin på grunn av manglane ressursar og personell. Det blir meldt at minimumsløna utanfor landbruket er 70025 Ariary og 71000 i landbruket. Dette er ikkje nok for ein adekvant levestandard, spesielt i urbane strok. Sjølv om dei fleste arbeidsgiverane er klar over minimumsløna så blei den ikkje alltid betalt. Høg arbeidslause og fattigdom gjer at arbeidarar aksepterar lågare løningar. Det blir meldt at standard arbeidsveke er 40 timer i veka utanfor landbruket og 42,5 timer i veka i landbruket. Lover skal hindre arbeidarar å arbeide meir enn 20 timer overtid i veka, men dei blei ofte nødt til å arbeide fram til produksjonsmåla var nådde. I nokre tilfeller var overtida uregistert og ubetalt. Det blir meldt at det finnes lover når det gjeld helse og sikkerheitsstandarar på arbeidsplassane. Eit statleg organ for overvåking av slike saker sine 90 medarbeidarar kunne kun overvåke tilstandane i hovudstaden. Arbeidarar skal i følge lova ha rett til å forlate ein farleg arbeidsplass utan å være i fare for å miste jobben berre han seier i frå til sin overordna. Dette blei ikkje alltid respektert i praksis.<sup>101</sup>

---

101 US State Department, 2010 Human Rights Report Madagascar, s. 25-29

## Menneskerettsrapporten frå Amnesty

Menneskerettrapporten av 2011 frå Amnesty om Madagaskar fokuserer mest på menneskerettslege brot tilknytta den politiske situasjonen på Madagaskar, og har eit mindre utval av menneskerettsleg problematiske hendingar og tilstander med i sin rapport. Rapporten melder at demonstrasjonar arrangert av opposisjonen blei oppløyst med valdelege middel, og ein student blei skoten og drept under demonstrasjonar i byen Antsiranana, og at hendinga ikkje har blitt etterforska. Det blir meldt om tilfeller av tilfeldige arrestasjonar og varetekter, mellom anna av politiske motstandarar. Journalistar blir trakassert og trua, samt at radiostasjonar har blitt stengt. Det blir meldt om rettsaker som ikkje held internasjonal standard, mellom anna rettsaka etter massakra 7 februar 2009, og rettsaka mot tidlegare president Ravalomanana.

Rapporten frå USAs utanriksdepartement og Amnestys rapport tek føre seg tilhøve i landet i 2010, men det er dessverre liten grunn til å tru at dei menneskerettslege forhalda har betra seg i nokon særleg grad etter at desse rapportane blei skrevne, då ikkje har skjedd ei utskifting av det politiske leiarskapet, samt at det ikkje har blitt meldt om endringar i politikken som blir ført.

## Menneskerettsrapporten frå Center for Economic and Social Rights

Organisasjonen Center for Economic and Social Rights fokuserer spesielt på økonomiske og sosiale rettar. Deira seinaste rapport er utgitt i 2009, og dekkar dessverre ikkje noko av tidsrommet etter statskuppet. Men det er dessverre få grunnar til å tru at menneskerettssituasjonen har betra seg når det gjeld desse forhalda etter at denne rapporten blei utgjeven. Rapporten er delt inn i kategoriane rett til mat, rett til helse, rett til vatn og fattigdom og ulikheit. Rapporten seier i forhald til retten til mat at 38 prosent av befolkninga er underernært, at over halvparten av gassiske born er underernærte, at skilnader i realiseringa om retten til mat held fram mellom dei forskjellige delane i landet og mellom fattige og rike, og at antalet akutt feilernærte born har auka sia starten av nittitalet. Rapporten seier i forhald

til retten til helse at retten til helse og liv er ikkje likt fordelt blant borna rundt i landet, til dømes at born i Tulear-provinsen har dobbelt så stor sjanse for å døy før dei er fem år enn born i Antananarivo, at born i fattige familiarer har større sjanse for å døy før dei er fem år enn born i rike familiarer, at helsetenester til kvinner har blitt redusert sia nittitalet, at vaksinasjonsprogrammer har minka i omfang i løpet av nittitalet fram mot 2003, at færre fekk behandling mot malaria på starten av 2000-talet og at den forrige regjeringa brukte for lite på helsetenester over statsbudsjettet. Rapporten seier i forhold til retten til vatn at det er ulikheiter mellom provinsane med hensyn til kor mange som har tilgang på reint vatn og sanitæranlegg, og at menneske som lev i ruale strok har i snitt lågare tilgang på reint vatn enn elles i Afrika sør for Sahara. Sett i lys av dei andre rapportane som er noko nyare, samt den generelle situasjonen på Madagaskar, som eg har presentert, er det som sagt lite som tyder på at desse forhalda skulle ha betra seg.

## **5.0 Om mine informantar**

### ***5.1 Bakgrunnsinformasjon om mine informantar***

Som eg forklarte i metodedelen så fann eg mine informantar i ein luthersk kyrkjelyd i Antananarivo på Madagaskar.

Til saman intervjuja eg 17 informantar i 16 intervju. I eit av intervjuja kom det to venniner i lag.

To informantar er i alderen 16-20 år, tre er i alderen 20-30 år, fire er i alderen 30-40 år, fire er i alderen 40-50 år, tre er i alderen 50-60 år og ein informant var over 60 år. Ni av mine informantar er kvinner og åtte er menn. 15 av mine informantar har born, dei aller fleste av desse er gift. Dei to yngste er ikkje gift, og har ikkje born.

To av mine informantar er bygningsingeniørar, to er studentar, to er husmødre som har noko arbeidsaktivitet på sia, som tekstilsalg og sying, ein er snekkar, ein er tekstilarbeidar, ein er forretningsmann innen salg og transport, ein er sjåfør, mest for turistar då han kan mange språk, ein er funksjonær i staten, ein er pensjonert lærar og ein er plastposeseljar som seljer til

dei forskjellige bodene rundt omkring. Fire seier dei er arbeidsledige. To av desse har mista jobben ved ein tekstilfabrikk, ein har mista jobben som sjåfør og ein har gått arbeidsledig over lengre tid. Ein av dei som jobba ved tekstilfabrikk samt den som har vore arbeidsledig ei lengre periode, tek på seg mindre syoppdrag. Den andre som mista jobben ved tekstilfabrikk gir opplæring i, samt produserer fletta plastkorger, som blir solgt på marknaden.

Alle mine informantar bur i Antananarivo, og går i den aktuelle lutherske kyrkja. Ein av mine informantar oppgir å stamme i frå Antananarivo, altså hovudstaden. Fire av mine informantar oppgir å stamme i frå Antsirabe, ein by i høglandet ikkje så langt frå Antananarivo. To av mine informantar oppgir å stamme i frå Fianarantsoa eller områda rundt, ein by i den sørlege delen av høglandet. Ein av mine informantar oppgir å stamme i frå Fandriana, ein mindre by ikkje så langt frå Antsirabe i høglandet. Ein av mine informantar oppgir å stamme i frå Farafangana, ein by på austkysten. Ein av mine informantar oppgir å stamme frå Manakara, også ein by på austkysten. Ein av mine informantar oppgir å stamme i frå ein by i det sørlege Madagaskar ikkje langt frå Fort Dauphin. Fem av mine informantar spurte eg ikkje etter kor dei kom i frå, men eg vil tru alle fem kom frå høglandet, med hensyn til deira etnisitet og andre faktorar.

Mine informantar bur altså i hovudstaden og den største byen på Madagaskar, Antananarivo. Byens innbyggartal var i 2009 1,8 millionar menneske.<sup>102</sup> Området rundt kyrkja kor mine informantar bur har innbyggjarar i forskjellige inntektsgrupper. Området er ikkje slumpreget, sjølv husa er noko slitte og ein ser folk ikkje har så mykje pengar. Ingen av mine informantar er analfabeter, men har gått og er under utdanning i forskjellig grad. Nokre kan kun det grunnleggane, som å lese, mens andre er på veg til medisinstudiet på universitetet. Eg vil tru dei aller fleste har tilgang til tv, som sender program på både gassisk og fransk, og eg vil tru nokre av mine informantar brukar nettkaféar for å få tilgang til internett. Eg vil og tru dei fleste av mine informantar kan gjere seg forstått på fransk, som ved sia av gassisk, også er offisielt språk i landet.

Eg trur mine informantar visar eit ganske stort spekter av befolkninga i hovudstaden når det gjeld alder, jobb, økonomi, utdanning, og etnisitet og geografisk bakgrunn. Det mine informantar ikkje viser, er det religiøse mangfoldet på Madagaskar, då dei alle hører til den gassisklutherske kyrkja.

---

<sup>102</sup>CIA World Fact Book, Madagascar

## ***5.2 Mine informantars verdsbilete***

Eg baserer min refleksjon over mine informantars verdsbilete ikkje på spesiell praktisk undersøking av mine informantars verdsbilete, men gjennom tilgjengeleg litteratur og kunnskap om Madagaskar formulert gjennom bøker som til dømes Dahls bok og anna tilgjengeleg litteratur, og gjennom ein viss kunnskap om mine informantars buområde og kontekst. Å prøve å teikne verdsbiletet til ei gruppe menneske på denne måten, er ein øvelse, slik eg ser, som må utøvas med største forsiktigkeit og som ikkje må bære preg av difinitive konklusjonar, spesielt i ein forenkla presentasjon som denne. Hiebert beskriver avdekking av verdsbilete like mykje ein kunst som vitskap.<sup>103</sup> Verdsbilete begrepet blir ofte brukt til å teikne verdsbiletet til større grupper menneske, som ei religiøs gruppe, eller kanskje til heile tidsperioder i menneskas i historie, som moderniteten, slik som til dømes Hiebert og andre har gjort i bøker som tek føre seg begrepet verdsbilete. Verdsbiletebegrepet blir altså ofta bruk til å vise korleis ei gruppe menneske ser og oppfattar verda, men det er einskildmenneska som oppfattar verda, og det er ikkje to menneske som kan seiast å ha akkurat det same verdsbiletet. Så å prøve å seie noko om verdsbiletet til ei gruppe menneske vil alltid føre med seg ei viss generalisering. Likevel, med desse tankane i bakhovudet, så trur eg det kan være fruktbart å prøve å beskrive og teikne eit slikt verdsbilete over mine informantar, då dette kan vise på ein forsiktig måte kva forskjellige faktorar mine informantar har vore under påverknad i sine liv, og som kanskje formar korleis dei ser på verda. Min intervjuguide og spørjeundersøking hadde som sagt ikkje som mål å teikne oppfattningar av kva som kan være faktorar i deira verdsbilete, så noko komplett framstillinga blir ikkje dette, og det er det kanskje heller ikkje mogleg å få til, men eg håper på bakgrunn av faglitteratur om Madagaskar, som er presentert i mellom anna kulturdelen, utsegn i intervju, og ved hjelp av min generelle kunnskap om mine informantar og Madagaskar, at eg kan teikne eit relevant bilet.

Eg vil prøve å seie noko om mine informantars verdsbilete utan å dele dei inn i mindre grupper, som til dømes kjønn, alder, etnisitet og kor dei kjem i frå.

Eg vil i minst mogleg grad prøve å gradere faktorar som kan påverke verdsbiletet,

---

103Hiebert 2008, s. 91

men presentere dei som einskilde faktorar som eg trur kan ha noko å seie for mine informantar. Eg vil likevel ha modellen til Hiebert i bakhovudet, og vil ved nokre av faktorane gjere meg tankar om kor viktige desse er i forhald til denne modellen.

Som vi ser i avsnittet om gassisk kultur, så har Madagaskar hatt mange historiske påverknader når det gjeld korleis kulturen og samfunnet er utforma, og denne historia er mine informantar ein del av. Eit fenomen som blir ofte nemt som ein av dei fyrste om ein skal seie noko om gassisk kultur er blikket den har mot forfedrene, som kan komme til uttrykk gjennom til dømes såkalla likvendingfestar. Dette er verdiar og arrangement som eksisterar også i hovudstaden, slike festar blir arrangert også der, men i mindre grad hjå folk som tilhører dei protestantiske kyrkjene, då mellom anna den lutherske kyrkja har tatt avstand frå likvending.<sup>104</sup> Eg trur mine informantar kjenner til tankemåtane og arrangementa, men det er vanskeleg på mitt datagrunnlag å seie noko om i kor stor grad.

*Fihavanana* er som nemt eit begrep som uttrykker den gassiske slektssolidariteten, ein ganske omfattande form for slektssolidarietet, som også kan romme idéar om solidaritet utanfor sjølve slekta. Eg trur verdiane knyt til *fihavanana* i nokre tilfelle kan vere så sterke at dei definerer kva som er rett og gale for mine informantar, altså evaluative i Hieberts modell. Ein av mine ekspertinformantar seier at begrepet er også brukt i den gassiske bibelomsetjinga som eit fredsbegrep. Eg trur mine informantar kjenner godt til desse ideala, og ser på dei som positive, og opplever dei som retningsgivande på korleis dei oppfører seg, men kanskje i litt andre utgåver enn det tradisjonelle slektsfellesskapet, og meir som eit generelt solidaritetsbegrep.

Foreldre-born-forhaldet mellom familiemedlemmar og som samfunnsfenomen uttrykker den gassiske hierarkiske familiemodellen, samt liknande posisjonar autoritetspersonar kan få. Kanskje desse strukturane i samfunnet kan knytast til det kognitive laget i Hieberts modell, då dette systemet definerer til ei viss grad kven som har autoritet. Eg trur mine informantar ved sia av denne modellen kan og være påverka av såkalla moderne familiestrukturar, altså kjernefamilier og liknande som vi kjenner til i Vesten.

Når det gjeld det at Madagaskar er eit såkalla høgkontekstsamfunn, så trur eg dette er ein naturleg del av mine informantars måte å kommunisere på.

Når det gjeld verdiar som kollektivism, å være relasjonsorienterte samt det å anse det som viktig at eit menneske "bevarer anletet", så trur eg dette er verdiar som passar til mine

---

<sup>104</sup>Dahl 2008, s. 179

informantar, då dette er verdiar som er grunnfesta i den gassiske kulturen.

Når det gjeld den tradisjonelle gassiske oppfattinga av tid, så trur eg eit slikt syn er mindre til stades i ein storby som Antananarivo.

Når det gjeld det såkalla moderne, og kanskje også postmoderne verdsbilete, og andre strømningar som pregar Vesten, så vil eg tru mine informantar også er noko påverka av desse strømningane. Dette mellom anna gjennom Madagaskars historie som fransk koloni, og at mange av samfunnets institusjonar har si opprinnning i dei franske sekulære ideala, som til dømes styresettet, rettsvesenet og det offentlege skulesystemet. Vestlege verdiar og kulturuttrykk er tilgjengeleg på tv og i andre medier. Gjennom utdanning kan ein bli prega av det vitskaplege verdsbileter.

Når det gjeld kristendom så trur eg at luthersk kristendom er det viktigaste moralske kompasset og ein viktig grunnstein i mine informantars liv. Eg trur dette så sterkt mellom anna fordi mange av mine informantar er engasjert i det kyrkjelege arbeidet. Eg trur mine informantars såkalla evaluative verdiar er sterkt prega av kristen lære og moral, altså til det inste laget i Hieberts modell. Eg trur altså at kristendomen er ei viktig kjelde for mine informantars dannelsje av verdsbilete. Verdsbiletet er som sagt ofte prega av religiøse oppfattningar.<sup>105</sup> Eg trur og at kategorien Personleg tru og religiøse perspektiv vil fylle ut biletet om korleis kristendomen virkar på verdsbiletet til mine informantar.

Som vi ser finnes det mange faktorar som kan tenkast å spele ei rolle i korleis mine informantars verdsbilete blir forma. Som bybebuarar blir dei utsatt for mange påverknader. Men eg trur likevel at den kristne påverkninga spelar ei sentral rolle.

Denne lista er på ingen måte komplett, men eg håpar at eg har kunnet presentere nokre sentrale påverkningskjelder for mine informantars verdsbilete. Eg håpar dette vil gi eit meir utfyllande biletet av mine informantar.

## **6.0 Introduksjon til dei tematiske presentasjonane med analysene**

Presentasjonen og analyser av informasjonen som kom fram i intervjuua følger i dei neste kapitla. Desse er altså tematisk organisert i forskjellige kategoriar, og med ein analysedel

---

<sup>105</sup>Dahl 2001, s. 132

knytta til kvart tema. Analysene vil bli behandla samla i forhald til oppgåvas to perspektiv i to oppsummeringskapittel mot slutten.

## **7.0 Tematiske presentasjonar med analyser**

### ***7.1 Oppfatningar av den politiske situasjonen***

#### **Presentasjon**

Kategorien oppfatningar av den politiske situasjonen tek føre seg utsagn frå mine informantar om deira oppfatningar av den politiske situasjonen på Madagaskar. Spørsmåla som har blitt stilt om desse temaa har blitt stilt ganske ope. Men heile settinga rundt mi spørjeundersøking har vore prega av at Madagaskar har vanskelege tider politisk sett, så dette kan kanskje ha gjort at det har vore lett å komme til med kritiske haldningar til politikarane. Eg trur svara eg har fått er ganske ærlege svar om mine informantars haldningar til landets politiske situasjon.

11 av mine informantar har uttalt seg i klartekst om den politiske situasjonen. Alle desse 11 uttalte seg kritisk til den noverande politiske situasjonen, men har litt forskjellige vinklingar og meininger om årsaker og moglege løysningar.

Sju av mine informantar har uttalt seg om dagens politiske leirarar. Seks av desse uttalte uttalte seg i negative vendingar om den politiske leiinga. Ein av mine informantar har gitt uttrykk for ei noko positiv haldning til den noverande politiske leiinga, og han ville ikkje omtale maktskiftet som eit statskupp, men som eit folkeleg opprør. Men han gir også uttrykk for at han ser at landet er i ein vanskeleg politisk situasjon no.

Fire av mine informantar har uttalt seg om den forrige politiske leiinga med Ravalomanana i spissen. To av desse uttalte seg positivt om denne politiske leiinga. Ein av desse sa at perioda under Ravalomanana gav håp om framtida. Den andre sa at dei som styrte tidlegare, altså under Ravalomanana, gjorde ein bra jobb. Ein av dei som uttalte seg negativt om dei forrige styresmaktene sa at han på eit tidlegare tidspunkt hadde vore negativ til

Ravalomananas styre fordi han opplevde rasisme på jobben, men at han no var skuffet over den politiske utveklinga. Den andre som uttalte seg negativt om dei forrige styresmaktene, sa at han anerkjente at Ravalomanana hadde gjort nokre bra ting for landet, som innen bistand og utvekling, men at det var mange kritikkverdige ting ved hans styre, som til dømes manglane samarbeid innad i regjeringa, at Ravalomanana tok æra for andres prosjekt, og at utlendingar fekk tilgong på landets naturressursar. Dette er same informant som gav uttrykk for ei positiv haldning til den noverande politiske leiinga.

To av mine informantar prøver å sjå på konkrete årsaker til at den politiske krisa ikkje har blitt løyst. Den eine seier at det er fordi det ikkje er reint fleirtal på den eine politiske sida at ting ikkje blir løyst. Den andre seier at det er fordi det ikkje blir inngått konsensus mellom dei politiske partia.

Seks av mine informantar uttalte seg om korleis dei såg føre seg framtida med hensyn til den politiske situasjonen. Fire av dei uttalte seg pessimistisk i forhold til den politiske framtida på Madagaskar. Ein sa at det vil ta 50 år før Madagaskar løyser sine politiske problem, ein annan meiner det vil ta 30-40 år. Den tredje sa ho ikkje trur den politiske situasjonen er betre om to år, mens den fjerde seier det er vanskeleg å sjå korleis framtida vil bli. To av dei uttalte seg noko mindre pessimistisk, ein seier det er opp til leiarane korleis Madagaskar vil utvekle seg, mens den andre seier at ho trur den politiske situasjonen vil bli betre om tre år.

## Analyse

Som vi kan sjå av utsegna så ser det ut til at mine informantar føler seg ganske frie til å snakke om politiske tema, sjølv om det i følge opne kjelder har funne stad hendingar som er problematiske i forhold til politiske og sivile rettar. Årsaka til at mine informantar føler seg såpass trygge, håper eg er fordi dei følte seg trygge i møte med meg og min tolk, og korleis intervjuva var organisert.

Det som mest preger mine informantars ytringar om deira oppfatningar av den politiske situasjonen på Madagaskar, er deira negative oppfatning av den noverande politiske situasjonen og deira negative haldningar til dei noverande styresmaktene. Ein av mine ekspertinformantar seier at politikarar generelt ikkje står særleg høgt i kurs på Madagaskar.

Dette er kanskje på bakgrunn av historiske erfaringar, og kan prege korleis folk uttalar seg om politikk. Om vi samanliknar svara om kva folk synes om den forrige politiske leiinga ser vi at den noverande politiske leiinga kjem därlege ut. Altså ser set ut til at mine informantar er generelt veldig kritiske til den noverande politiske situasjonen, og i større grad enn dei har vore kritiske til det politiske leiarskapet før krisa.

To av mine informantar prøver å peike på konkrete ting som er årsaker til at den politiske krisa ikkje blir løyst. Den eine seier at det er fordi det ikkje er reint fleirtal til ei politisk gruppe at ting ikkje blir løyst. Den andre seier at det er fordi det ikkje blir inngått konsensus mellom dei politiske partia. Den fyrste søker kanskje at det blir gjennomført val på ein måte som fleire land gjer, altså gjennom fleire valomgangar slik at eit parti har reint fleirtal. Frankrike har til dømes eit slikt system. Den andre seier at det er manglane konsensus som er årsaka. Dette kan være ein konsensus om ein måte å komme seg gjennom krisa på, eller kanskje å kunne etablere eit politisk system som alle er einige om, som eit demokrati. Begge desse konkreta tinga berører ein sentral mangel ved den noverande politiske situasjonen på Madagaskar, det at det ikkje blir arrangert val. Å finne ei felles plattform å arbeide ut i frå er det dei forskjellige gassiske politiske fraksjonane har forsøkt å gjennomføre ved hjelp av veikartet, som partane undertekna 17. september 2011. Det har vore delvis framgang, men også store hindre, som tilbakekomsten av Ravalomanana og at val framleis ikkje har blitt arrangert.<sup>106</sup> Artikkel 25(b) i SP seier at alle skal kunne velge, og bli valde, i geniune, regelmessige og hemmelege val, som garanterar det frie uttrykket av viljen til veljarane. Det ser ut at så lenge det ikkje blir arrangert val på Madagaskar, då SP krever at denne retten skal følgast straks, så bryter Madagaskar artikkel 25(b) i SP, og dette brotet angår mine informantar direkte.

Seks av mine informantar uttalte seg om framtida i forhald til den politiske situasjonen på Madagaskar og dei fleste av dei var negative. Kanskje desse svara speglar dei tidlegare erfaringane dei har hatt med den politiske leiarskapet på Madagaskar, at dei i tiåra før ofte har blitt førespeglade gode framtidsutsikter, men har gong på gong vorte skuffa. Kanskje seier desse svara også noko om kor håplaus og fastlåst dei oppfattar den noverande politiske situasjonen.

Som vi ser av dei opne kjeldene er det også mange andre tilfeller av brot mot forskjellige rettar nemt i SP. Det er openberty at Madagaskar bryter med sine forpliktelsar i

---

<sup>106</sup> Southern African News Features(nettside), “SADC urges speedy implementation of Madagascar roadmap” 03.02.12

forhald til konvensjonen om sivile og politiske rettar når det gjeld den generelle politiske situasjonen i landet. Mellom anna viser dei opne kjeldene til brot på SPs artikkel 9(1) om vilkårleg fengsling. Nokre vil kanskje argumentere for at Madagaskar befinner seg i ein krisesituasjon og at dermed nokre artiklar er oppheva slik som beskrevet i artikkel 4 i SP. Til dømes kan brota på artikkel 9(1) opphevast då. Men landet har likevel brote mellom anna artikkel 6(1) som ikkje kan opphevast i ein krisesituasjon. Argumentet om at landet er i ein krisesituasjon i forhald til artikkel 4 virkar og noko svakt, då landets eksistens ikkje kan seiast å være i fare, samt at det ikkje har blitt uttalt offentleg at landet tek i bruk bestemmelsane i artikkel 4.

## **7.2 Politikk mellom menneske**

### Presentasjon

Kategorien Politikk mellom mennesker i kategorien Politikk tek føre seg korleis stoda er for politiske ytringar i forskjellige mellommenneskelege kontekstar på Madagaskar. Mine informantars utsegner omhandlar alt frå korleis det er å diskutere politikk innad i familien, på arbeidsplassen eller mellom mennesker ein møter i det daglege livet som på torget, og i meir offentlege samanhenger som å ytre meningar i den offentlege sfæra. Mine spørsmål har vore opne om desse temaa, men eg har i nokre tilfeller spurt spesielt om menneskerettslege problemstillingar slik at eg har fått flest moglege utsegner om desse temaa.

14 av mine informanter har utsegner om korleis det er å ytre seg om politikk i forskjellige samanhengar på Madagaskar.

Tre av desse 14 seier at politiske diskusjonar kan føre til kranglar innad i familier. Resten av mine informantar har ikkje uttalt seg om korleis politiske diskusjonar innad i familien kan føre til.

11 av dei 14 som har utsegner om korleis det er å ytre seg om politikk i forskjellige samanhengar på Madagaskar, har uttalt seg om korleis det er å diskutere politikk mellom vanlege folk, det vil seie mellom vener, folk på arbeidsplassen og folk ein møter i andre sosiale samanhengar. Ni av desse 11 seier det kan være problematisk å diskutere politikk i

desse sosiale samanhengane. Tre av desse ni seier at folk kan bli veldig sinte om ein uttalar seg om politikk. Tre andre av desse ni seier at ein kan risikere fengsel om ein kritiserer folk ein er ueinige med politisk. Desse tre seier at folk kan bli anmeldt på falske premissar av folk som er ueinige politiske, og ein av desse seier ein kan bli skutt. Vidare seier nokon andre av desse ni at dei er redde for at ueinigheter om politikk kan skade vennskap, og difor unngår dei dei temaa. Ein seier at politikk er eit sensitivt tema. Ein annan seier at folk begynner å sloss på marknaden når dei diskuterer politikk. Ei seier at det luraste no er halde seg taus om desse spørsmåla i desse samanhengane. To av dei 11 har ikkje utsegn som tyder på at det er problematisk å diskutere politikk i desse samanhengane. Den eine seier at det er ok å snakke om politikk mellom vanlege menneske. Den andre seier at ho diskuterer politikk med dei ho trur deler hennes syn. Ein av dei som uttrykker at det er problematisk å uttale seg om politikk i desse samanhengane, seier at når det gjeld politiske diskusjonar mellom vanlege folk så kjem det an på kven du snakkar med.

Fire av dei 14 som har utsegner om korleis det er å ytre seg om politikk i forskjellige samanhenger på Madagaskar, har utsegner om korleis det er å ytre seg i den offentlege sfæra på Madagaskar. Alle desse fire seier det finnes problematiske sider ved å ytre seg i den offentlege sfæra på Madagaskar, men med noko forskjellige perspektiv og alvorlegheitsgrader. Tre av desse seier at det er forbundet med fare for fengsling å uttale seg i den offentlege sfæra om politiske tema som går i mot styresmaktene. Den siste nemner ikkje faren for fengsling for dei som uttalar seg kritisk i den offentlege sfæra. Ein av dei tre fyrste seier at det er forbode å ytre seg politisk på offentlege plassar, og om ein gjer det gjentatte gongar kan ein bli fenglsa. Ein annan av dei tre seier at det ikkje er politiet i seg sjølv som er farlege, men det at politiske motstandarar kan rette falske anklager mot folk. Den tredje av desse tre seier at folk kan bli angitt til politiet av sine politiske motstandarar. Denne tredje påpeiker også at under eit foreståande ordførarval i bydelen så tør ikkje folk seie sine meininger.

## Analyse

Som nemnt i underkategorien Oppfatningar av den politiske situasjonen, er det mange forhald på Madagaskar som er problematiske i forhald til menneskerettane, som er allment kjende,

som til dømes eit därleg fungerandre rettsystem, begrensa ytringsfriheit og fengsling av opposisjonelle.

Nokre av mine informantar påpeiker at politiske diskusjonar kan føre til krangling innad i familier. Dette vitner kanskje om at dette er eit veldig følsomt tema på Madagaskar. Å diskutere politiske tema kan sjølv sagt føre til konflikter i kva for eit helst land, men gjennom måten mine informantar tok opp temaet på, vil eg tru at dei synes at det er meir konfliktflytt og meir følsomt no, enn det har vore under andre politiske perioder på Madagaskar.

Mange av mine informantar kom med utsegner om korleis det er å snakke om politikk mellom vanlege folk, altså mellom vene, folk på arbeidsplassen og mellom andre folk ein møter på ein vanleg dag. Dei fleste av desse seier at det kan være problematisk å diskutere politikk i desse kontekstane. Sinnset som tre av dei melder om kan kanskje seie noko om kor følsomme politiske tema er på Madagaskar for tida. Det kan kanskje også vitne om ein manglane respekt for andres meningar, og at det kanskje ikkje er miljø for fleire politiske meningar. Tre av mine informantar nemner fara for å bli fengsla, og ein av desse seier ein kan bli skutt, om ein kjem med politiske utsagn folk er ueinige med. Ein nemner fara for at ein kan bli anmeldt til politiet av dei som er ueinige med ein. Dette kan til dømes være falske anmeldingar til politiet, eller det kan kanskje være at dei blir meldt til politiet som opprørskar i forhold til styresmaktene. I møtet med eit noko därleg fungerande politi, samt ein noko därleg fungerande rettsstat, kan dette være ein effektiv måte å ramme folk som er ueinige med ein politisk. Som vi såg av dei opne kjeldene så har det skjedd politiske arrestasjonar på Madagaskar, men dei virkar meir direkte knytte til styresmaktene. Mine informantar gir altså uttrykk for ei frykt for ytre seg om politiske tema blant vene og kjente. Artikkel 19 i SP om ytringsfriheit kan kanskje være aktuell i denne samanhengen, då sjølv om artikkelen oftast knytast til det offentlege ordskiftet og media, spesifiserer ikkje ordlyden i teksten det. Når min informant seier at folk kan bli skotne, er det kanskje eit bilet på kor sinte folk kan bli, men som vi ser av dei opne kjeldene har det vore utført slike handlingar av personell tilknytta staten. To av mine informantar seier at det ikkje trenger å være så problematisk å diskutere politikk mellom folk. Den eine svarar at det kjem an på kven du snakkar med. Ein kan kanskje seie at svara deira utelukker ikkje at det kan finnes problematiske tilstander rundt det å diskutere politikk i desse sosiale samanhengane, men at denne informantane ikkje har opplevd desse begrensingane som veldig tunge. Det ser ut til at det kan være problematiske tilhøve med hensyn til artikkel 19 i SP om ytringsfriheit i forhold til korleis mine informantar

føler dei kan uttrykke seg om politikk i desse kontekstane.

Fire av mine informantar uttalar seg om korleis det er å uttale seg om politikk offentleg på Madagaskar. At såpass få av mine informantar uttalar seg om dette kan kanskje ha med å gjere at dette er ein aktivitet som befinner seg eit stykke unna deira daglege liv, og at dette er problemstillingar dei ikkje har tenkt så mykje på før, då ingen av dei er, så vidt eg veit, politisk aktive. Ein av dei tre nemner at ein blir fengsla ved gjentatte, offentlege politiske ytringar. Dei to andre forteljer om fare for å bli fengsla for å ytre seg politisk offentleg minner om tilfella i det forrige avsnittet. Som vi kan sjå av dei opne kjeldene kan det være problematisk å til dømes demonstrere. Då ingen er av mine informantar har gitt uttrykk for at dei er politisk aktive i det offentlege rom, er det vanskeleg å seie om konkrete brot mot til dømes artikkel 19 i SP om ytringsfriheit har ramma dei. Men eit perspektiv som kan vere nyttig å ha med seg her, er at mine informantar virkar klar over farene over å ytre seg politisk i det offentlege rom, og dette gjer at dei kanskje lar vere å engasjere seg i politiske spørsmål.

### ***7.3 Noverande arbeidssituasjon***

#### **Presentasjon**

Kategorien Noverande arbeidssituasjon i kategorien Jobb og økonomi tek eg føre meg utsagn som omhandlar problemstillingar rundt arbeidsmengde, betaling, arbeidssikkerheit, arbeidsrettar, moglegheit for å finne jobb, framtidsutsikter i jobben og andre ting i arbeidssituasjonen og ting ein kan oppleve i arbeidslivet. Eg vil og ha med deira generelle betraktingar om arbeidssituasjonen generelt på Madagaskar, altså ikkje berre om deira eigen jobb.

Alle mine 17 informantar uttalte seg om deira daglege virke. To av dei er studentar, ein er pensjonert lærar. Av dei resterande 14 er det seks som ikkje har vanleg arbeid. Fire av desse seks definerer seg som arbeidsledige, mens dei to siste definerer seg som husmødre. Av dei fire som definerer seg som arbeidsledige, har to mista jobba som ei direkte følge av krisa. Den eine mista jobben på ein tekstilfabrikk, mens den andre mista sjåførjobben. Altså er åtte

av mine informantar i arbeid. Som vi såg i avsnittet om mine informantar har dei mange ulike jobbar. Desse jobbane er tekstilarbeidar, bygningsingeniør, snekkar, forretningsmann, sjåfør, statsfunksjonær og plastposeseljar. Fem av dei seks som ikkje har vanleg arbeid oppgir at dei har inntektsgivande aktivitetar som til dømes sying av klede og fletting av plastkorger. Av dei åtte som er i arbeid seier fem at det har vore nedgang i aktivitetane på jobben, som vidare fører til lavare inntekt til dei. Dette gjeld til dømes snekkaren, bygningsingeniøren og sjåføren som får færre oppdrag, og forretningsmannen som selger mindre. Dei tre siste av dei åtte har hatt stabil arbeidsmengde og inntekt, men har merka til dømes dei auka prisane.

Som vi ser er det arbeidsdeltagelse blant kvinnene også.

To av mine informantar har tidlegare jobba ved tekstilfabrikkar, mens ein framleis jobbar ved ein tekstilfabrikk. Fleire av mine informantar har også ektefeller og born som har jobba eller jobber i tekstilfabrikker i Tana. Mange av tekstilfabrikkane blei spesielt hardt råka av krisa, då fabrikkane på Madagaskar mista tilgang til den amerikanske marknaden som følge av dei internasjonale sanksjonane. Dei som har kunnet halde fram er fabrikkar som har andre marknader enn dei som blei berørt av handelsblokaden, slik som dei som selger til Frankrike.

Ei av mine informanter gav ein utfyllande beskrivelse av korleis arbeidet på ein tekstilfabrikk er organisert. Ho foreljer om dei positive sider ved fabrikken, som at dei har rotasjon på arbeidsstasjonane og at hennes arbeidsplass har vore stabil. Og om dei negative, om ti-timars arbeidsdager, tvunget helgearbeid halve året og arbeid i feriane. Ho nemner også at løna kan bli utbetalt uregelmessig.

Ho sa og ho mista eit born i svangerskapet for nokre år sia. Ho sa at bedriftslegane kunne i nokre situasjonar være under press frå bedriftsleiinga om å gi ein viss type behandling og rådgivning til pasientane.

Ei anna av mine informantar fortel om vanskar til å skaffe seg kapital til å kunne starte ei lita bod. Ho hadde for nokre år sia ei bod kor ha selde stoff til sying av klede, men tapte både boda og kapitalen under den forrige politiske krisa i 2001/2002. Ho seier ho ikkje har egedelar å stille som sikkerheit hjå mikrolånbankane.

Ho seier også at heile familien lever på pensjonen til hennes mann som er pensjonert frå militæret. To av hennes born hadde arbeid i tekstilfabrikkane, men mista jobben då fabrikkene blei nedlagt.

Statsfunksjonären forteljer og om ei episode på jobben kor han følte seg forgjått i ei

forfremmingssak. Han seier at han blei diskriminert på grunn av at han kjem frå kysten, og at ein kollega med bakgrunn frå innlandet, men som var mindre kompetent, fekk stillinga.

To av mine informantar er studentar og dei seier at det har vore streiker i skulevesenet, både streiker kor lærarane har streika fordi dei ikkje har fått løn, og streiker fordi studentane ikkje har fått stipend. Dei meiner dette problematisk fordi dei føler at utdanningsprogresjonen deira blir forstyrra av dette.

Nokre av mine informantar har uttala seg generelt om arbeidslivet på Madagaskar no under krisa. To av dei nemner at hushjelper er veldig utsatt og at dei har veldig lite rettar i arbeidslivet. Ein av desse nemner at gassiske hushjelper som har jobba i midtausten har vore utsatt for vald. Ein annan informant seier at dei rike utnyttar situasjonen til å betale veldig lave lønningar.

## Analyse

Som vi kan sjå har mine informantar mange forskjellige typar jobbar. Artikkel 6 i ØSK seier mellom anna at ein kan velje sitt eige arbeid. Når artikkel nemner dette med å kunne velje sitt eige arbeid, er det nok som ei skydding mot tvangsarbeid. Eg trur ikkje nokon av mine informantar er utsatt for nokon form for tvangsarbeid. Dei opne kjeldene melder om tilfeller av tvangsarbeid. Døma beskrevne der er klare brot på artikkel 6 i ØSK. Det ser ikkje ut til at mine informantar opplev brot på denne delen av artikkel 6 i ØSK.

Det er tydeleg at det tronge kår i økonomien og på arbeidsmarknaden på Madagaskar. Mange av mine informantar fortel altså om at dei ikkje får jobbe så mykje som dei ynskjer, og nokre har også mista jobben. Umiddelbart er ikkje det å miste jobben eller vanskelege økonomiske tider noko som ein kan kalle brot på menneskerettane. Artikkel 6 i ØSK seier mellom anna at alle har rett til arbeid, noko som kan virke absolutt, men som må sjåast i samanheng med korleis ØSK i sin heilheit kan bli implementert, altså over tid. Også praksisen frå medlemsstatane visar at retten til arbeid ikkje kan oppfattast absolutt, men er meir snakk om å arbeide for tilrettelegging for at alle potensielle arbeidstakrarar kan få arbeid.<sup>107</sup> Dette arbeidet har tydeleg hatt problemer på Madagaskar, spesielt i tida under og rett etter statskuppet. Økonomien er etter nedgangen i 2009 no på sakte veg oppover. Limburgs

---

<sup>107</sup>Høstmælingen 2003 s. 289

prinsipp skiljer mellom det å mislukkast i å oppnå måla,<sup>108</sup> og villa handlingar imot ØSK.<sup>109</sup> Kanskje er punkt a og b i Limburgprinsippa dei mest aktuelle i forhold til artikkel 6 i ØSK i denne samanhengen. Dei har mislukkast i å gjere det konvensjonen seier dei skal gjere, og dei har ikkje klart å fjerne hindringar i forhold til dette. Madagaskar har så vidt eg veit ikkje jobba aktivt imot ØSK, men landets politiske handlingar ser ut til å har ført til at oppfyllinga og arbeidet med artikkel 6 i ØSK har mislukkast i kuppåret, og ser ut til å ha gått veldig sakte i tida etter det. Det ser altså kanskje ut til at Madagaskar har altså brote mot artikkel 6 i ØSK, og at mine informantar er råka av dette.

Mange av mine informantar klagar over at dei ikkje får jobbe så mykje som dei ynskjer, noko som førte til at dei hadde mindre pengar enn vanleg. Ingen av mine informantar klagar direkte over lønnsnivået sitt, men mange av mine informantar seier dei har fått dårligare inntekt og dårligare generell økonomi som følge av den politiske krisa. I dette avsnittet vil eg snakke om lønnsnivå, mine informantars generelle økonomiske situasjon kjem eg tilbake til i kategorien økonomi og livssituasjon. Ein av mine informantar sa at på grunn av dei vanskelege økonomiske tidene så blir folk tvungne til å jobbe for mindre pengar enn elles, fordi arbeidsmarknaden er så hard. Dette blir også nemnt i dei opne kjeldene. Mine informantar klaga altså ikkje over lønnsnivået, men over manglane moglegheiter for å arbeide meir. Landet har ein av verdas lavaste BNP per innbyggjar.<sup>110</sup> Dei fleste på Madagaskar har altså veldig lave inntekter. Vi snakkar då om nokre få norske hundrelappar i månaden. Eg vil tru mange av mine informantar har eit slikt lønnsnivå. Nokre av dei har litt betre betalte jobbar. Det lave lønnsnivået er i grenseland for kva folk kan klare seg på, og fordrar enkle buforhald og eit enkelt kosthald. På Madagaskar betyr eit enkelt kosthald at det består for ein stor del av ris, som er det rimelegaste og mest brukte næringsmiddelet. Artikkel 7(a) i ØSK seier at det skal være lik løn for likt arbeid, og at ein skal motta ei tilstrekkeleg løn. Kva som er ei tilstrekkeleg løn er ikkje fastsatt i ØSK, det kjem an på konteksten i dei einskilde landa. Eg vil tru nokre av mine informantar som er i arbeid befinner seg i grenseland på denne definisjonen, mens andre kan seiast å ha ei tilstrekkeleg inntekt. Det er vanskeleg å seie om Madagaskar bryter med artikkel 7(a) i ØSK i forhold til mine informantar med hensyn til lønnsnivå, men det er ikkje usannsynleg. Problem med underbetaling på grunn av den vanskelege arbeidsmarknaden er kjent. Dei opne kjeldene forteljer om lave løningar. Om

---

<sup>108</sup>Limbursprinsippa a, b og c

<sup>109</sup>Limbursprinsippa d, e, f og kanskje g

<sup>110</sup>CIA World Fact Book, Madagascar

Madagaskar har brote artikkel 7(a) i ØSK følger omrent same argumentasjon som i forrige avsnitt sett i forhold til Limburgprinsippa. Altså er punkt a og b mest aktuelle. Dei har mislukkast i å gjere det konvensjonen seier dei skal gjere, og dei har ikkje klart å fjerne hindringar i forhold til dette. Igjen trur eg ikkje dette er planlagte handlingar frå styresmaktene, men meir biverknader av politikken dei fører no, og her er det klart at Madagaskar bryter med artikkel 7(a) i ØSK, men det er vanskeleg å seie om mine informantar er råka av dette brotet.

Temaet organisering av arbeidstakrar har i liten grad vore til stades i samtalene eg har hatt med mine informantar. Ingen av mine informantar har gitt uttrykk for at dei har vore aktive i arbeidsrørsler, men ei av mine informantar sa at dei blei oppfordra av leiinga i bedrifta til å utnemne ein tillitsmann, men at dette av ein eller annan grunn ikkje blei gjort. Artikkel 8 i ØSK fortel om retten til å danne fagforeiningar og streikerettar. Dei opne kjeldene seier at fagforeiningar er tilete, men at det er få som faktisk er medlem. Årsaka til dette skal være at ein fryktar represalier, som til dømes å miste jobben. Dei opne kjeldene viser også at det finnes ofte lover som skal skydde arbeidarar i forskjellige situasjonar, men at desse ikkje blir praktisert i praksis. Årsakene til dette kan være mange, men fattigdom og korруpsjon er kanskje relevante faktorar. Det er vanskeleg for meg å seie noko om Madagaskar har brote artikkel 8 i ØSK, då desse organisasjonane er såpass svake på Madagaskar, samt at det ikkje er meldt om spesielle brot mot dei i dei opne kjeldene. Det ser altså ikkje ut til at mine informantar er råka av brot mot artikkel 8 i ØSK.

Ein av mine informantar følte seg diskriminert på jobben i forbindelsen med ei forfremming. Han sa han blei forbigått på grunn av sin etniske bakgrunn. Artikkel 7(c) i ØSK seier tydeleg at forfremmingar skal skje på grunnlag av senioritet og kompetanse. Artikkel 2(2) i ØSK omtalar diskriminering på generell basis. Det kan være min informant blei utsatt for ei handling som strider mot denne artikkelen. Som nemnt i kapitlet om gassisk kultur eksisterer det forskjellige formar for rasisme på Madagaskar, mellom anna mellom folk frå innlandet og folk frå kysten. Kombinert med praksisar som prioriterar relasjonar og personar foran kompetanse og senioritet, kan det gi slike utslag. Eg har ikkje fyrstehands kjennskap til detaljane i denne saka, men den virkar ikkje usannsynleg på bakgrunn av kjende haldningar og praksisar på Madagaskar. Dei opne kjeldene vitnar om liknande tilfeller. Altså ser det ut til at Madagaskar bryter mot artikkel 7(c) og artikkel 2(2) i ØSK, og ein av mine informantar kan vere råka av brot mot desse artiklane. Madagaskar har også underskrevet konvensjonen

mot rasediskriminering.<sup>111</sup> Men det blir meldt at arbeidslivet i byane på Madagaskar blir i større grad basert på profesjonelle og byråkratiske prinsipper.<sup>112</sup>

Ei av mine informantar gav ein utfyllande beskrivelse av korleis arbeidet på ein tekstilfabrikk var organisert. Av dei negative sidene nemnte ho lange arbeidsdagar, tvunget helgearbeid halve året og arbeid i feriane. Artikkel 7(d) i ØSK seier at arbeidarar skal ha høveleg arbeidstid og feriar, samt feriar med løn og godtgjersle på heilagdagar. Det min informant fortalte om var stadig overtidsarbeid, helgearbeid samt arbeid i feriane. Dei opne kjeldene forteljer om at det finnes lover som skal skydde arbeidarar når det gjeld arbeidstid og overtid, men at desse blir brotne for å nå produksjonsmål. Dette samsvarar veldig godt med utsegna til min informant. Forhalda for arbeidarar generelt har forverra seg på Madagaskar, slik som vi har sett av dei foregåande avsnitta. Når det gjeld argumentasjon i forhald til Madagaskars oppfyllelse av ØSK sett i lys av Limburgprinsippa, vil eg bruke same argumentasjonen på desse problemstillingane. Utviklinga ser ut til å ha gått i feil retning, som følge av politikken som blir ført. Det ser altså ut til at Madagaskar har bryter med konvensjonen når det gjeld artikkel 7(d) i ØSK, og at ein av mine informantar er råka av dette brotet.

Den same informanten fortalte også om bedriftshelsetenesta då ho spontanaborterte då ho var på jobb. Ho sa at i visse tilfeller kan nokre av legane føle seg pressa av bedriftene til å gi visse anbefalingar Eg har ikkje fyrstehands kjennskap til desse forhalda og korleis bedriftshelsetenesta er organisert, men dei nære banda til bedriftene kan synast uheldig. Eit perspektiv å ta med seg er at mange på Madagaskar ikkje har tilgang til helsetenester i det heile tatt, og det å få tilgang til ei bedriftshelseteneste er eit gode. Men denne tenesta må fungere på ein god måte. Artikkel 12(1) i ØSK, om generell tilgang på helsetenester, kan være aktuell i denne forbindelse, men det er vanskeleg å seie om det har funne stad brot i denne saka. Artikkel 10(2) i ØSK seier at mødre skal ha spesiell skydding under graviditeten og etter fødsel, som til dømes fødselspermisjon. Desse artiklane er ikkje nært knytta til problemstillingar om arbeidsrettar, men då hennes situasjon var knytta til arbeidsplassen tek eg dei med her. Det er mogleg min informant ikkje burde ha jobba i den tilstanden ho var i. Dette burde legane i bedriftshelsetenesta sørga for at ho ikkje gjorde. At det har funne sted eit brot mot artikkel 10(2) i ØSK er difor meir sannsynleg. Dei opne kjeldene fortel om store manglar i tilgongen på helsetenester generelt på Madagaskar, og spesielt for gravide kvinner.

---

<sup>111</sup>Amnesty International Report 2011

<sup>112</sup>Dahl 2008, s. 158

Dette har blitt forverra under og i tida etter statskuppet. Eg vil bruke den same argumentasjonen i forhold til Limburgprinsippa som ovanfor, at det kjem som konsekvensar av politikken som er ført. Det ser altså ut til at Madagaskar bryter mot artiklane 12(1) og 10(2) i ØSK, og at ein av mine informantar er råka av brot mot artikkel 10(2) i ØSK.

Ei av mine informantar seier ho har i lang tid vore utan jobb sjølv, og at heile familien overlever på pensjonen til hennes mann, som tidlegare var i militæret. Ho uttrykker ønske om å starte si eiga utsalgsbod, som ho har hatt tidlegare. Eigenkapitalen til denne boda har gått tapt under tidlegare vanskeleg økonomiske tider. Ho fortel om vanskar om tilgang til kapital til å kunne starte opp igjen, då ho ikkje har nok egedelar å stille som sikkerheit til å kunne få lån i dei såkalla mikrolånbankane. Problemet til min informant er nok fyrst og fremst eit fattigdomsproblem, men ho føler at ho manglar dei verktøya ho trenger for å komme seg i arbeid. Artikkel 6 i ØSK fortel mellom anna om rett til arbeid og at staten må legge til rette mellom anna for økonomisk utvekling. Tiltak til å hjelpe småbedrifter i gong finnes nok til ei viss grad gjennom mikrolånorganisasjonane, men det virkar som om min informant faller mellom dei fleste stolane. Det er uheldig at min informant ikkje kjem i gong med inntektsgivande arbeid. Den dagen familien ikkje får pensjonen frå hennes eldre mann, kan familien være i ein veldig vanskeleg økonomisk situasjon. Som vi har sett ovanfor der det ut til at Madagaskar har vanskar med å overhalde også denne delen av artikkel 6 i ØSK.

Det mine informantar seier generelt om arbeidslivet på Madagaskar stemmer ganske bra med dei opne kjeldene.

Fire av mine informantar definerer seg sjølve som arbeidsledige, og to av mine informantar seier dei har mista jobben i forbindelse med krisa. Ut i frå det mine informantar har sagt, har det at dei har mista jobben satt dei i veldig vanskelege økonomiske situasjoner. Eksistens av offentlege støtteordningar eller hjelp frå arbeidsplassen har ikkje blitt nemnt i intervjuet. ØSK seier ingenting direkte om stillingsvern, oppsigelsestid eller arbeidsledigkeitstrygd. Men rettar til nausynte midler til livsopphald, uavhengig av jobb, blir formulert gjennom artikkel 9, artikkel 10, artikkel 11 og artikkel 12 i ØSK. Desse omhandlar trygdeordningar, skydding av familien, levestandard og mat, og helsetenester. Eg vil handsame slike økonomiske problemstillingar i den neste kategorien.

## **7.4 Økonomi og livssituasjon**

### Presentasjon

I kategorien Økonomi og livssituasjon vil eg ta føre meg utsegn som omhandlar mine informantars personlege økonomi og livssituasjon knytt til økonomiske utfordringar. Eg vil også ta føre meg utsagn frå mine informantar om folks personlege økonomi generelt på Madagaskar.

Tretten av mine informantar gir uttrykk at dei har fått dårligare generell økonomi som følge av krisa på Madagaskar. Dette gir seg forskjellige utslag. Nokre sliter med å få betalt husleia og få nok mat, og mange merkar ein viss nedgang i inntektene, utan at dei har problem med å få dekt sine mest basale behov. Tre av desse tretten seier at inntektene har holdt seg stabile, men at dei merkar at prisane har auka. Det er ingen som seier dei har fått betre økonomi etter krisa, noko som eg heller ikkje trur det er nokon grunn til å tru. Det kan være av stor betydning kor velståande, og kor gode jobbar og inntekter dei hadde før krisa, om korleis dei har takla dei økonomiske vanskane i krisa.

Fem av mine informantar nemner utfordringar til det å få tak i nok mat, eller den maten dei gjerne vil ha. Eg har ingen grunn til å tru at nokon av mine informantar svelter, men at dei har begrensningar i kva type mat dei kan få tak i, går fram av det dei seier i intervjuet. At dei eter mindre enn kva dei skulle ønske visse tider i månaden, som i slutten av lønns eller pensjonsperioda, eller i tider med lavare inntekter, bekrefast med utsagn frå mine informantar.

To av mine informantar mottar løn eller pensjon frå staten, ein pensjonert lærar og ein statsfunksjonær. Ytterlage to er mottakarar av midler frå staten gjennom ektefelle eller foresatte. Desse er ein pensjonert militær og ein militær. Seks av mine informantar seier at staten ikkje hjelper vanlege folk som er i vanskelege økonomiske situasjonar. To seier at det er kun dei som arbeider ved staten som kan vente seg hjelp frå staten. Ingen seier noko som kan tolkast i mot desse utsegna.

Når det gjeld husvære i forhald til krisa fortel ingen av mine informantar at dei har blitt kasta ut eller har vore nødd til å selje husværet sitt ufrivillig. Men tre av mine informantar som leiger husvære seier at dei har vanskar eller har fått hjelp av andre til å

betale husleia. To av mine informantar seier at dei held på med å bygge hus, men at dei har vore nødd til å stoppe bygginga på grunn av økonomiske grunnar.

Ei av mine informantar nemner vanskar med å greie å betale skulepengane til bornet sitt.

Ein av mine informantar nemner at dei har vore nødd til å kutte ned på feriereisene til familien. Før reiste dei til andre byar og til kysten på Madagaskar, men no har dei vore nødd til å innføre ein sterkare økonomisk disiplin.

Mange av mine informantar nemnde også ein del generelle trekk ved folks privatøkonomi på Madagaskar. Felles for mange av dei utsagna er at folks økonomi er dårlig og har blitt verre under krisa. Dei tek fram forskjellige dømer. Ein seier at no er det vanskeleg for dei som ikkje har spart pengar. Ei anna seier at det kan sjå ut som om folk ikkje er så fattige, at dei prøvar å oppretthalde ei viss fasade, men at det er mange som sør ved jernbanesporet om natta. Ei seier at mange sliter med å få kjøpt skulesaker til borna sine og ei anna seier at folk berre tenker på kortsigtige mål, som å få mat i dag og at folk tenkjer ikkje på framtida.

## Analyse

Ingen av mine informantar fortel om prekær mangel på mat, eller svelt, men fem stykker seier at dei ikkje alltid får så mykje mat som dei skulle ønske. Artikkel 11(1) i ØSK snakkar om mellom anna høveleg mat. Eg vil tru nokre av mine informantar har eit kosthold som er i grenseland for kva artikkel 11(1) i ØSK meiner er høveleg, utan at eg har gjort inngåande undersøkingar om mine informantars kosthold. Kosthaldet når ein har litt lite pengar kan som nemnt i forrige kategori, bli noko ensidig, og i Madagaskars tilfelle betyr dette ofte eit stort innslag av ris. Som vi ser av dei opne kjeldene leid 38 prosent av Madagaskars befolkning av underernæring på 2000-talet, og det er dessverre få grunnar for tru at dette har betra seg. Når det gjeld argumentasjon i forhald til Limburgprinsippa, kan ein argumentere for at dette er biverknader som følge av den første politikken. I tillegg er det i dette tilfellet nødvendig å sjå på minimumskrava til oppfølging av konvensjonen. Desse krava seier mellom anna at om eit betydeleg antal av befolkninga lider under matmangel, så bryt ein mot konvensjonen. Det ser altså ut til at Madagaskar bryter med artikkel 11(1) i

ØSK, men det er usikkert om nokre av mine informantar er råka av desse brota.

Fire av mine informantar mottar enten sjølve eller gjennom ektefelle eller forsatte løns- eller pensjonspengar frå staten. Madagaskar har pensjonsordningar for visse grupper som har vore ansatt i staten, som militære, lærarar og funksjonærar. Pensjon og lønningar virkar vanlegvis å bli utbetalt til rett tid og er til ei viss grad inflasjonsjustert, i følge mine informantar. Ein av mine informantar fortalte at hennes far i militæret ikkje hadde fått løn denne månaden. Kor vanleg dette er veit eg ikkje sikkert, men eg har ikkje fått inntrykk av dette er eit stort problem, då eg kjenner til andre folk som får pengar frå staten. Når det gjeld pensjonar er det kun tidlegare statsansatte som mottar pensjonar frå staten. Andre innbyggjarar mottar ingen direkte økonomisk støtte frå staten. Artikkel 9 i ØSK seier at alle har rett til sosial sikkerheit og sosial forsikring. Når det gjeld løningane til statsansatte virkar dei å bli utbetalt i tide, og å være såpass store at folk er nøgde med dei. Det same gjeld pensjonane for statsansatte. Altså virkar mottakarane og deira familier nøgde med desse ordningane. Det som er problematisk på Madagaskar er alle dei som ikkje har slike ordningar. Ein av desse fire informantane seier at heile familien hennes er avhengig av pensjonen til hennes ektemann, som har vore i militæret. Mange i familien er arbeidslause. Når det gjeld å sørge for pensjonar og trygdeordningar til sine innbyggjarar har Madagaskar utfordringar. Høstmælingen seier at artikkel 9 i ØSK betyr at statane må etablere ein form for trygdeordningar,<sup>113</sup> altså trygdeordningar for alle. Trygdeordningane på Madagaskar no, slik som pensjonane til statsansatte, kjem berre ein liten minoritet til gode. Dei opne kjeldene har ikkje spesielt fokus på desse problemstillingane. I forhold til Limburgprinsippa kan vi kanskje snakke om ei villa politisk utvekling, altså at det er problematisk i forhold både til punkt a, b samt f, fordi dette er ting som må bli vedtatt og gjennomført gjennom lovbestemmelsar. Det ser altså ut til at Madagaskar bryter artikkel 9 i ØSK, og at fleire av mine informantar er råka av dette.

Når det gjeld husvære, som blir nemnt av artikkel 11(1) i ØSK, seier ingen av mine informantar at dei har vore nødde til å flytte på grunn av økonomiske vanskar, eller at dei ikkje har husvære. Men fleire seier dei har hatt problemer med å betale husleia. Om husværa deira er høvelege er vanskeleg for meg å seie, då eg ikkje har vore heime hjå dei. Kva som meinast med høveleg husvære kjem an på konteksten. Alle mine informantar har så vidt eg veit tak over hovudet, men eg vil tru at det er ganske trangbodd hjå fleire av dei. Ein av informantane mine forteljer at antalet heimlause har auka sia krisa begynte. Ho fortel mellom

---

<sup>113</sup>Høstmælingen 2003, s. 294

anna at mange folksov ved jernbanesporet om natta. Eg har og sett ved sjølvsyn mange som sov ute i forskjellige byar på Madagaskar. Eg vil tru mine informantar har for det meste høvelege husvære. Når det gjeld situasjonen generelt på Madagaskar, slik som ein av mine informantar fortalte, og som eg har sett ved sjølvsyn, så har Madagaskar mange utan høveleg husvære. Om antalet som ikkje har husvære kan betiknast som betydeleg, slik minimumskrava til konvensjonen formulerer det, er eg usikker på. Dei opne kjeldene har ikkje spesielt fokus på denne retten. Når det gjeld å vurdere dette i forhald til Limburgprinsippa vil eg bruke punkta b og c, då dette ikkje kan seiast å vere ei villa utvekling, men ei biverknad av ført politikk. Eg er altså usikker på om Madagaskar bryter artikkel 11(1) i ØSK, og eg trur ikkje mine informantar er direkte råka om det skulle vere brot.

Ei av mine informantar nemnte vanskar med å betale skulepengar til borna sine. Dette gjeld born i grunnskulen. Eg er usikker på om bornet gjekk på ein offentleg eller privat skule. Det er vanleg praksis å betale skulepengar for borna. Ved sia av skulepengar må dei betale for skuleuniform og bøker. Ein rapport frå World Food Programme fortel at staten på Madagaskar har stramma inn på skulebudsjetta på grunn av krisa, og dette gjer at foreldra må betale meir for bornas skulegong. Dette har og ført til at fleire born har slutta på skulen.<sup>114</sup> Artikkel 13(2)(a) i ØSK seier at grunnskulen skal være gratis og obligatorisk for alle. Jamfør rapporten frå World Food Programme ser det ikkje ut til at Madagaskar ikkje oppfyller artikkel 13(2)(a) i ØSK. Eg er usikker på om min informants familie er råka av dette, då eg ikkje veit om ho har borna på ein privatskule.

Ein av mine informantar sa at han og familien var nødt til å kutte ut lengre bilturar i feriane på grunn av trongare økonomi. Denne informantane hadde nok ein litt sterkare økonomi før krisa enn mange av mine andre informantar, og viser korleis krisa rammar folk på forskjellig måte. Slike problemstillingar kan ikkje knytast til menneskerettane.

Det mine informantar seier om den generelle økonomiske situasjonen hjå vanlege folk på Madagaskar stemmer bra overens med dei opne kjeldene, og med informasjonen om Madagaskar generelle økonomiske situasjon.

---

<sup>114</sup>World Food Programme Food Security Monitoring System Quarterly Bulletin, 1st Quarter 2012, s. 2

## **7.5 Livet i kyrkja**

### Presentasjon

Kategorien Livet i kyrkja i kategorien Religion, tek føre seg utsegn frå mine informantar som har med korleis livet i kyrkja har vore under krisa. Altså det praktiske og sosiale kyrkjelivet. Eg har tatt føre meg det indre og andelege religiøse livet til mine informantar, samt deira religiøse perspektiva på ting i livet, i kategorien personleg tru og religiøse perspektiv.

12 av mine informantar har uttalt seg om det kyrkjelege fellesskapet. Nesten alle av mine informantar snakkar i positive vendingar om det kyrkjelege fellesskapet under den politiske krisa. Omrent halvparten av mine informantar snakkar udelt positivt om det kyrkjelege fellesskapet. Fleire seier at antalet menneske som kjem til gudstenester har holdt seg stabilt eller har auka. Fleire seier at kyrkja og det kyrkjelege fellesskapet har holdt seg stabilt gjennom heile krisa, mens nokre meiner at dei har merka nokre forandringar. Nokre seier at det ikkje blir diskutert politikk i kyrkja, fordi ein ønsker å bevare den kyrkjelege eininga. Det virkar som dei aller fleste, og kanskje alle mine informantar uttrykker seg positivt om det kyrkjelege fellesskapet. Dei er ikkje ukritiske, det er til dømes ei som meiner spenningane mellom rike og fattige har auka, og ein annan som meiner at politiske samtaler har blitt meir overfladiske. Men dei teiknar eit generelt positivt bilet av det kyrkjelege fellesskapet. Det er ei som seier ho har håp for kyrkja fordi Gud skal forme dei som er i kyrkja og gjere dei til betre menneske.

### Analyse

Som vi ser teiknar mine informantar eit veldig positivt bilet av kyrkja si, og at dei er glade i denne fellesskapen. I følge det mine informantar seier, og det eg såg av kyrkjelivet då eg var på Madagaskar, vil eg seie at i alle fall i forhald til den lutherske kyrkja så eksisterer det religionsfriheit på Madagaskar i henhold til artikkel 18 i SP. Dei opne kjeldene melder at religionsfreiheten vanlegvis blir respektert i praksis, og at det finnes lover som skydder denne. I dei tilfellene dei opne kjeldene fortel om kyrkjeleg personell som har blitt arrestert, er det

snakk om moglege politiske eller sivile menneskerettsbrot, ikkje menneskerettsbrot knyta til utøving av religion.

## **7.6 Personleg tru og religiøse perspektiv**

### Presentasjon

Kategorien Personleg tru og religiøse perspektiv, tek føre seg utsagn frå mine informantar som setter livet på Madagaskar i eit religiøst perspektiv. 10 av mine informantar har utsegner om desse tinga. Eg har delt utsegna inn i to delar. Ein om Madagaskar og politikk, og ein om jobb og økonomi. Dei fleste av utsegna faller inn i ein av desse temaa. Desse to perspektiva heng sjølvsagt i hop, då den generelle tilstanden på Madagaskar påverkar ting som jobb og økonomi. Dette er kanskje også grunnen til at dei fleste utsegnene tilhører det fyrste, då det er det mest relevante perspektivet å tolke den noverande situasjonen på Madagaskar gjennom.

Ni av mine informantar har uttalt seg om den generelle og politiske situasjonen på Madagaskar gjennom eit religiøst språk. Måten mine informantar brukar eit religiøst språk om dette, er som sagt mangfoldig. Tre av mine informantar gir konkret uttrykk for at Gud er viktig for Madagaskar. Dei seier mellom anna at Guds ord og kyrkja er viktig for Madagaskars framtid, at Gud er det einaste håpet og den einaste løysinga for eit betre Madagaskar er å be til Han, og fordi vi har Gud så må vi håpe at det går litt betre med Madagaskar. To av mine informantar seier den noverande situasjonen minner om det som står i Bibelen om dei siste dagane. Ein av mine informantar seier at det er berre Gud som kan gjenskape vennskap mellom dei politiske partia. Ein seier han har blitt noko overtruisk av den vanskelege politiske situasjonen og trur det blir verre. Ein av mine informantar meiner at gasserane må vende tilbake til Gud på bakgrunn av den auka kriminaliteten. Ei seier at ikkje alle har den same mentaliteten og frykter Gud, og at det er problematisk med hensyn til utvekling og framtida i samfunnet. Ein seier at når han ser på krisa som eit vanleg menneske blir han trist, men når han ser på krisa som eit kristent menneske så trur han Gud vil gjere det beste ut av alt og at det kan bli betre likevel. Det er difor han ikkje er så redd for krisa, seier han. Ei seier at framtida hennes og vår er opp til Gud, og at vi berre venter på Jesus. Ei seier

at Bibelen seier at folk vil komme på ville vegar. Ho seier også at Gud vil bruke desse vanskane med å dra dei til Han, og at Gud vil gjere dei til betre menneske.

Tre av mine informantar uttalar seg konkret om jobb og økonomi i eit religiøst språk. Ei seier ho har klart å betale leia, og at Gud har sagt Han skal gjere skilnad på dei som kjenner Han, og dei som ikkje kjenner Han. Ein seier at det er viktig å alltid be før ein reiser. Han er sjåfør. Ei seier at ho ikkje klagar sin nød over at ho er fattig, men at ho har Gud og ventar på kva Han skal gjere med ho. Ho seier at ho undrer seg over det i Bibelen om at dei fattige skal miste det lille dei har.

## Analyse

Som vi ser har mine informantar mange utsegna som kan vere i tråd med eit kristent verdsbilete. At såpass mange av mine informantar har valgt å formulere seg på denne måten, ser eg som støtte til påstanden om at den kristne påverkninga spelar ei viktig rolle i mine informantars verdsbilete. Desse utsegna er veldig mangfoldige, så det er vanskeleg å seie noko entydig om dei, kanskje med unntak at ingen av dei er religionskritiske, og at dei aller fleste passar inn innanfor ramma til luthersk kristendom og teologi.

Dahl(2001) skriver at verdsbiletet ofte er prega av religion, og at mange gonger kan ikkje desse skiljast frå kvarandre.<sup>115</sup> Eg trur dette kan stemme bra for mine informantar, spesielt sett i lys av utsegna presentert her.

Utsegna til mine informantar refererer til kjende kristne konsept, som at Gud er håp, at det er viktig å be, jordas siste dagar, guds frykt og om dei fattige. Dette er konsept som lutherske kristne lett kan kjenne seg igjen i.

Religion spelar tydeleg ei sentral rolle i mine informantars liv, i både deira sosiale liv, og i deira indre liv. Det ein kan sjå av utsegns presentert her, og i utsegn presentert i andre delar av oppgåva.

## **7.7 Kunnskap om menneskerettane**

---

<sup>115</sup>Dahl 2001, s. 132

## Presentasjon

Kategorien Kunnskap om menneskerettane i kategorien Menneskerettar visar utsegner som er knytta til kunnskap om menneskerettane. Dette er svar i forbindelse med direkte spørsmål om kor godt dei kjenner til menneskerettane.

Omtrent halvparten av mine informantar har gitt svar som passar i denne kategorien, som kan hjelpe oss med å danne oss eit bilet av kor godt dei kjenner til menneskerettane, og til ei viss grad lar oss sjå kva dei legger begrepet. Kunnskap om menneskerettane har kanskje også komme fram i nokre av dei andre kategoriene.

Tre av mine informantar nemner ytringsfriheita. To nemner rett til arbeid, to nemner rett til helseteneste og to nemner rett til mat. Ein nemner rett til å samlast, ein nemner rett til husvære, ein nemner rett til kommunikasjon, noko som kan knytast til ytringsfriheit, ein nemner rett til utdanning, ein nemner rett til religionsfreiheit, ein nemner rettferdige rettssaker og ein nemner at menneskerettane står for likheit mellom alle menneske, og fokuserer då spesielt på forhaldet mellom fattig og rik, og at alle må respektere kvarandre. At nesten halvparten av mine informantar ikkje svarte innanfor denne kategorien i intervjuet kan bero på at intervjuet ikkje alle intervjuet berørte dette temaet så nøye, men også at nokre kanskje ikkje hadde så mykje kunnskap om menneskerettane.

Ved sia av nemne konkrete menneskerettar nemnte nokre av mine informantar andre perspektiv ved menneskerettane. Ei nemner at dei lærte om menneskerettane på skulen, men at dei fleste gasserar ikkje veit så mykje om menneskerettane. Ein siterer den afrikanske deklarasjonen på rettane om reisefridom, bufridom og arbeidsfridom. Ei trur ein må gå studere juss for å studere menneskerettane i detalj. Ei foreslo at ein skulle trykke opp ark med menneskerettane slik at folk kan lære dei. Ho sa også at det kun dei utdanna som kan om menneskerettane. Ho meinte og det er statane sitt ansvar å opplyse om menneskerettane.

## Analyse

Som vi ser så har dei av mine informantar som har beskrevet menneskerettane både når det gjeld på artikkelnivå, og når det gjeld meir generelle perspektiv, eit rimeleg godt grep om kva

menneskerettane handlar om. Det var ingen som nemnte rettar som ikkje står i verdserklæringa eller nokon av konvensjonane. Mine informantar berører ikkje så mykje dei bakanforliggane verdiane og historia til menneskerettane, men eg spurte heller ikkje spesielt om det. Kanskje nokre av dei har denne kunnskapen også. Ikkje alle mine informantar gav svar som passa til denne kategorien, det kan kanskje tyde på at ikkje alle har denne kunnskapen.

Vi ser at den retten som blir nemnt flest gongar er ytringsfriheitar, ein sentral SP-rett. Men vi ser og at mange av dei rettane blei nemnt meir enn ein gong, som rett til jobb, rett til helse, rett til bustad og rett til mat er ØSK-rettar. ØSK-rettar er nemnt flest gonger. Dette seier kanskje noko om kva rettar mine informantar ser på som dei viktigaste.

Ingen artiklar i SP eller ØSK seier noko konkret om informasjonsarbeid eller kunnskapsnivå i befolkninga om menneskerettane, menneskerettslege avtaler eller rapportar knytta til dei. I innleiinga til verdserklæringa om menneskerettane står det at alle individ og samfunnsorgan skal fremme rettane i erklæringa. Men verdserklæringa er som kjent ikkje rettsleg bindane. Kunnskap om menneskerettane er avgjerande for ei reell gjennomføring av avtalene landa har påtatt seg. Statar er av og til ikkje så ivrige etter å informere sine innbyggjarar om menneskerettane generelt, eller om sine menneskerettslege avtaler. Arbeidet som gjerast av til dømes FNs høgkommissær for flyktningar, og ikkje-statlege organisasjonar som Amnesty er viktig.<sup>116</sup>

Som ein av mine informantar sa, så blir temaet tatt opp i skulen til ei viss grad, som kan tyde på at menneskerettsideologien har fått eit visst innpass på statleg hald i landet. Ein av mine ekspertinformantar sa at det blir drevet informasjonsarbeid om menneskerettane av ikkje-statlege organisasjonar. Då det ikkje finnes nokre standardiserte mål og nivå av kunnskap om menneskerettane, er det vanskeleg å seie noko om kunnskapen er bra nok. Men det at det mine informantar sa om menneskerettane var korrekt. Så sjølv om sikkert dei kunne sagt meir og fleire kunne sagt noko, så har tydelegvis noko informasjon kommet gjennom.

## **7.8 Meininger om menneskerettane**

---

116Høstmælingen 2003, s. 347

## Presentasjon

I kategorien Meiningar om menneskerettar i kategorien Menneskerettar tek eg føre meg kva meiningar mine informantar har om menneskerettane og kva meiningar dei meiner finnes på Madagaskar om menneskerettane. Dette er svar som mellom anna har kommet i tilknytning til spørsmål om dei synes menneskerettane passar på Madagaskar. Dette kan være i tilknytning til kor godt dei meiner menneskerettane passar til den gassiske kulturen og tradisjonar eller andre problemstillingar.

11 av 13 mine informantar som uttalar seg om menneskerettane i vendingar som tilseier at menneskerettane er ein positiv ting for Madagaskar. To av desse 13 seier det ikkje eksplisitt. Det er ingen som har direkte negative utsegner vedrørande menneskerettane og Madagaskar. Når dei uttalar seg om menneskerettane og Madagaskar seier dei til dømes at menneskerettane er eit ideal Madagaskar kan strekke seg etter, at menneskerettane er fornuftige for gasserar, at om ein følger menneskerettane slik dei er laga så passar dei fint på Madagaskar. Fleire seier dei er fornuftige, og at dei passar bra på Madagaskar. Fleire trekker fram problemstillingar som ytringsfriheit og barnearbeid når dei omtalar menneskerettane positivt, og ei spør retorisk kva som er gale med at born må gå på skule og ikkje arbeide.

To av mine informantar meiner at menneskerettane kan komme i konflikt med nokre tradisjonelle og religiøse verdiar. Den eine seier at menneskerettane kan komme i konflikt med verdiar i ruale strok på Madagaskar. Han sa også at om trua og kyrkja utvekla seg på den rette måten kan det være håp om menneskerettane på Madagaskar. Den andre tek fram potensielle konflikter både når det gjeld tradisjonelle verdiar og religiøse verdiar. Når det gjeld dei tradisjonelle verdiane, seier han at det er tradisjon at kvinner berre skal arve ein tredjedel, at kvinner er meir begrensa i kva dei kan seie og gjere enn menn, at menn har fleire rettar enn kvinner i gassiske kultur, og at det er djupe forskjellar mellom menn og kvinner i gassiske kultur. Når det gjeld religiøse verdiar seier han at full likestilling slik det står i menneskerettane, ikkje vil skje fordi Jesus sa at mannen er hovudet til kvinnen.

Ei av mine informantar sa at menneskerettane vil gjere at rike og fattige respekterer kvarandre, og at det vil bli eit mindre hierarkisk samfunn, og at vi alle er skapt av Gud så vi er alle like.

## Analyse

Som vi ser er dei aller fleste positive til menneskerettane, og at dei har eit positivt bilet av menneskerettane. Menneskerettane virkar ikkje å komme i konflikt med andre oppfatningar mine informantar har, og dei ser på menneskerettane som ein god ting. Årsakene til det kan være mange og vanskelege å svare på. Eit kan kanskje være menneskerettane sitt gode rykte.

To av mine informantar seier at det finnes verdiar på Madagaskar som kan komme i konflikt med menneskerettane. Begge seier at tradisjonelle verdiar kan komme i konflikt med menneskerettane, og begge uttaler seg om kristendom i forhald til menneskerettane. Når det gjeld dei tradisjonelle verdiane så har mine ekspertinformantar uttalt seg om desse tinga i forbindelse med menneskerettane. Ein av dei seier at det finnes mykje praksis knytta til tradisjonelle oppfattningar, som er i strid med menneskerettane, men å finne nokon ideologisk motstand mot menneskerettane i dei, ikkje er så sannsynleg. Altså at det finnes praksisar, som til dømes det at kvinner berre skal arve ein tredjedel, og andre praksisar som verdsetter menn over kvinner, men at systema desse befinner seg i ikkje er av ein slik karakter at dei er uforanderlege, og har ein samla ideologisk motstand mot menneskerettane. Når det gjeld kristen praksis og teologi i forhald til menneskerettane, berører vi eit stort tema, som går langt utanfor Madagaskars grenser. Dei fleste kyrkjer i verda støtter opp om menneskerettane. Den eines utsagn om rett utveling med hensyn til det kristne livet i forhald til menneskerettane, tyder kanskje på at han har oppfatta det positive forhaldet mellom dei to. Den andre føler kanskje at kristne verdiar kan være trua av menneskerettane. Eg vil ta føre meg meir utførleg forhaldet mellom kristendom og menneskerettane i det avsluttande kapitlet.

### **7.9 Stoda til menneskerettane**

#### Presentasjon

I kategorien Stoda til menneskerettane i kategorien Menneskerettar vil eg ta føre meg korleis mine informantar meiner stoda til menneskerettane er på Madagaskar no og kva dei oppfattar

som brot på menneskerettane.

15 av mine informantar uttaler seg om stoda til menneskerettane på Madagaskar. Alle desse meiner i varierande grad at stoda er problematisk. Mine informantar nemner mange dømer på menneskerettsbrot som blir begått no på Madagaskar. Tre av desse 15 nemner barnearbeit. Tre nemner ytringsfriheitsbrot. To nemner eit korrupt rettsvesen. Ein nemner fleire tradisjonelle praksisar i ruale strok, som at kvinner og born må vente å ete til mannen er mett, at unge menn må stjele oksar for å bli gift og drap på tvillingar på bakgrunn av tabu. Ein seier at gassiske hushjelpe som arbeider i utlandet blir skada. Ei fortel om polygami, at nokre ikkje får tilgang på reint vatn på grunn av oppfattingar om områder som er tabu, og at kvinner arvar berre ein tredjedel. Ein nemner den auka kriminaliteten. Ein nemner eit tilfelle kor ein mann blei tvungen til å jobbe for ei veldig lav løn.

## Analyse

Når mine informantar blir bedt om å beskrive tilfeller som dei meiner er problematiske i forhold til menneskerettane på Madagaskar, blir mange forskjellige dømer nemnt. Dei fleste av desse kan beteknast som menneskerettsleg problematiske, dog trur eg døma om oksestjeling, og tabuer som begrensing når det gjeld tilgang til reint vatn, faller i meir rettslege og religiøse kategoriar. Elles samsvarar desse døma godt med dei opne kjeldene. Dette gjeld ytringsfriheit, barnearbeit, rettsvesenet, arbeidsrettar og arveproblematikk.

Som vi ser er det ein viss skilnad mellom kva type menneskerettar mine informantar vel å fortelje om når dei blir bedde om å seie kva fortelje om kva dei kan om menneskerettane, som blei presentert i kapitlet kunnskap om menneskerettane, og når dei blir bedde å fortelje om konkrete menneskerettsbrot på Madagaskar. Årsaka til dette er eg litt usikker på. Tilfella som er nemnt her er kanskje tilfeller som har fått noko mediedekning og er allmenn kjende på Madagaskar. Som vi såg var ØSK-rettar godt representert i kapitlet om kunnskap om menneskerettane, mens her er dei omtrent ikkje-eksisterande. Kanskje er problem rundt desse rettane underkommunisert i mine informantars informasjonskanalar. Rettane dei nemnte i kapitlet om kunnskap om menneskerettane vil eg tru er meir aktuelle for dei sjølve. Kanskje har det med å gjere at det er lettare å fortelje om menneskerettsbrot som ikkje angår ein eige liv eller situasjon. Kanskje ein ikkje har så stor bevisstheit på at ein

kanskje lever i ein menneskerettsleg problematisk situasjon sjølv.

## **8.0 Oppsummering og konklusjon om Madagaskar sett frå menneskerettane sitt synspunkt og standardar**

Ut frå det mine informantar har sagt, kan det altså sjå ut til mine informantar eller deira nærmeste familie er direkte råka av tilfelle av brot mot artikkel 25(b) i SP, om rett til å delta i val, artikkel 2(2) i ØSK, om diskriminering, artikkel 6 i ØSK, om mellom anna rett til arbeid, artikkel 7(c) i ØSK, om basis for forfremmingar i arbeidslivet, artikkel 7(d) i ØSK, om arbeidstid og feriar, artikkel 9 i ØSK, om pensjon og trygd og artikkel 10(2) i ØSK, om skydding av born og mor.

Eg er noko meir usikker om desse artiklane er brotne mot mine informantar eller deira nærmeste familie direkte, men det er ikkje usannsynleg. Artikkel 19 i SP, om ytringsfriheit, artikkel 7(a) i ØSK, om lønsnivå, artikkel 11(1) i ØSK, om mellom anna rett til mat, artikkel 11(1) i ØSK, om mellom anna rett til husvære og artikkel 13(2)(a) i ØSK, om rett til gratis grunnskule.

Vi ser altså at mine informantar kan vere utsatt brot mot både SP og ØSK.

Som vi kan sjå er ikkje alle desse rettane representert i dei opne kjeldene. Dette gjeld spesielt rettane knytta til ØSK. Dette kan ha forskjellige årsaker. Når det gjeld det amerikanske utanriksdepartementet sin rapport kan det ha samanheng med at USA ikkje har skrevet på ØSK, og difor vektlegger dei dei mindre. Men til tross for dette har dei eit avsnitt om arbeidarrettar. Dei har uansett tatt utgangspunkt i verdserklæringa om menneskerettane, og ikkje einskilde konvensjonaar. Når det gjeld Amnesty kan det ha med at organisasjonen i Madagaskars tilfelle fokuserer på sivile og politiske rettar. Når det gjeld CESR kan det ha med at dei fokuserer på dei alvorlegaste tilfella, som spedbornsdøydeleghet og liknande. Vi kan sjå at rettane stemmer godt overens med dei opne kjeldene, og informasjonen desse kjeldene har til ei viss grad nådd ut til mine informantar.

Goldewijk og Fortman(1999) skriver i si bok om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar at sjølv om desse rettane i utgangspunktet har same status som sivile og politiske rettar, så blir mindre ressurssar og fokus dei til del. Dei peiker på at årsaka kan ligge i deira gradvise implementeringsperspektiv, i motsetning til dei sivile og politiske rettane sitt krav til

umiddelbar implementering.<sup>117</sup> Andre ting, som til dømes at eit viktig land som USA ikkje har ratifisert ØSK, kan kanskje også ha noko å seie for at ØSK virkar vere mindre i fokus i den internasjonale menneskerettsdiskursen enn SP. Det er kanskje denne tendensen vi ser i dei opne kjeldene.

Som nemnt i delen om menneskerettane, har folkerettslege konvensjonar få moglegheiter til straffetiltak, samanlikna med kva straffer ein kan få til dømes i ein bryter lova i eit land. Men metoder som «naming and shaming» kan vere verkningsfulle. Men dette beror på at menneskeretsbrot må vere kjende. Det er synd at brot mot ØSK i så lita grad blir via offentleg merksemrd. Dette fører til at metoder som «namning and shaming» ikkje fungerar etter hensikta. Eg håpar denne oppgåva kan vere ei lita motvekt til dette.

Om ein skal prøve å sjå på konkrete tiltak til at den noverande menneskerettslege situasjonen på Madagaskar skal betre seg, virkar det som om ei betre oppfølging av det såkalla vegkartet er det mest nærliggande. Land i regionen har engasjert seg gjennom den regionale samarbeidsorganisasjonen SADC(Southern African Development Community), og håpar på å få til ei løysing gjennom den. Å få gjennomført val er ein av denne planen.

På fyrste linja i innleiinga i både FNs verdserklæring om menneskerettane, i FNs konvensjon om sivile og politiske rettar(SP) og i FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar(ØSK) blir alle menneskes iboande verdigheit lagt som grunnlag for heile det notidlege menneskerettsregimet. Det er vanskeleg å sjå korleis alle menneskes verdigheit skal bli bevart, utan at einskildsmenneska får oppfylt sine rettar i henhold til ØSK.

## **9.0 Oppsummering og konklusjon om menneskerettane sett frå mine informantars og Madagaskars synspunkt og verdiar**

Som vi har sett i presentasjonen av mine informantars svar og i analysene, så har mine informantar i stor grad uttrykt si støtte til menneskerettane. Berre nokre få påpeiker problematiske forhald med hensyn til menneskerettane sin plass på Madagaskar. Mine informantar virkar ha bra kjennskap til kva menneskerettane er for noko, samt ha noko kjennskap til brot mot menneskerettane på Madagaskar.

Verdsbiletet eg har forsøkt teikne over mine informantar er satt saman ved hjelp av

---

<sup>117</sup>Goldevijk og Fortman 1999, s. ix-x

min kunnskap og antagelsar om Madagaskar, og utsagn frå mine informantar. Det faglitteraturen seier om at religion ofte spelar ei sentral rolle i menneskers verdsbilete, ser ut til å stemme bra for mine informantar.

Menneskerettane berører grunnleggane verdispørsmål i forhald til mennesker. Altså kan menneskerettane gå inn på områder som blir oppfatta som religionanes domene. Som vi har sett i til dømes den muslimske verda, finnes det oppfatningar at menneskerettane kan komme i konflikt med islamisk lære. Fordi mine informantar er kristne, kan det difor vere interessant å sjå på korleis kristendomen og kristne kyrkjer forholder seg til menneskerettane. Eg trur at korleis den kristne teologien uttrykt gjennom dei kristne organisasjonane har mykje å seie for korleis mine informantar oppfattar menneskerettane. Eg trur ikkje dei andre faktorane som er presentert i forbindelse med mine informantars verdsbiletet, spelar ei så sentral rolle i forhald til om ein støtter menneskerettane.

Store kristne organiasjonar som Det Lutherske Verdensforbund, Det Reformerte Verdensforbund, Kirkenes Verdensråd og Den Katolske Kirke, har i mange år støtta opp om arbeidet for menneskerettane.<sup>118</sup> Ein av mine ekspertinformantar seier at både den lutherske og den katolske kyrkja på Madagaskar støttar opp, og arbeider for menneskerettane. Men kvifor er kristne kyrkjer og kristne organiasjonar så positive til menneskerettane? Kort fortalt er det ikkje mogleg argumentere for menneskerettane teologisk, då dei bakanforliggane idéane og verdiane ikkje er bibelske. Menneskesynet er forskjellig,<sup>119</sup> og begrunnelar for individuelle rettar er ikkje mogleg å finne i Bibelen.<sup>120</sup> Men dei einskilde menneskerettane kan vurderast einskildsvis, og uavhengig av den idéhistoriske samanheng dei står i, slik Kymlicka(2007) seier menneskerettane som heilheit skal forståast, i eit sitat tidlegare i oppgåva. I ei slik analyse vil ein sjå at det er nært slektskap mellom konkrete menneskerettar og kristen etikk. Retten til liv, og grunnleggane menneskeverd er døme på dette.<sup>121</sup> Gjennom å betrakte menneskerettane som ein del av det verdslege regimet, og ikkje forsøke å betrakte dei som guddommelege lover, men som allmennetiske retningslinjer for det menneskelege liv og fellesskap, kan dei altså spele ei rolle i realiseringa av kristne verdiar. Arbeidet med å fremme menneskerettane er altså ei oppgåve for kyrkja og dei kristne. Dette gjer altså kyrkjene i praksis, og dette kan forklare kvifor det finnes så sterke positive haldningar til menneskerettane i kyrkjene, og blant mine informantar.

---

118Austad 1977, s. 179-181

119Austad 1977, s. 185-187

120Austad 1977, s. 188

121Austad 1977, s. 190

Eg vil tru at mine informantars syn på menneskerettane vil ein finne igjen hjå andre kristne på Madagaskar. Kristendomen er den religionen med sterkest innflytelse på Madagaskar. Eg trur dei kyrkjenes holdning og arbeid for menneskerettane er veldig viktig i eit land som Madagaskar.

Eg trur heller ikkje at noko av dei andre faktorane i mine informantars verdsbilete kjem i djupe konflikter med menneskerettane. Ein av mine ekspertinformantar seier at solidaritetsbegrepet *fihavanana* er blir brukt i kristen samanheng, og at det også finnes i den gassiske bibelen. Dette begrepet kan kanskje også knytast til visse aspekt av menneskerettane, som ynsket om at menneskerettane skal føre til fred mellom menneska.

Sjølv om majoriteten av befolkninga ser ut til å høre til dei tradisjonelle religionane om ein ser på faktaopplysninga om Madagaskar, så er ikkje desse, i følge mine ekspertinformantar, organisert i nokon einheitleg rørysle. Ein av mine ekspertinformantar seier at sjølv om det finnes mykje praksis som kan vere uheldig i forhald til menneskerettane på Madagaskar, så trur han ikkje at det finnes nokon samla ideologisk motstand mot menneskerettane.

Sjølv om statsapparatet og mange andre offentlege institusjonar ser ut til å fungere til dels ganske dårlig, er desse bygd på idéar og ideal frå Frankrike og Europa. Dette dels fordi dei blei bygd opp av den franske kolonimakta. Den franske menneske- og borgarrettserklæringa er sterkt knytt til dei grunnleggjane idéane til menneskerettane, som naturretten,<sup>122</sup> og desse idéane preger også dei franske statlege institusjonane. Måten desse idéala har blitt praktisert i dei gassiske utgåvene av desse institusjonane, har til no ikkje vore gode representantar for fremme av menneskerettane, verken under kolonitidar eller etter. Under kolonitida hang dette saman med fransk kolonipolitikk. Kanskje kan ein del av løysinga på gjere menneskerettane relevante på Madagaskar, er å finne i dei grunnleggjane ideologiane til desse institusjonane, og praktisere dei slik dei skal bli praktisert. Ein av mine ekspertinformantar seier at dei noverande politikarane brukar menneskerettane i positive vendingar i sitt retorikk. Dette kan nok mest bli sett på som tom retorikk, men det syner i alle fall at menneskerettane blir brukt som ein positiv verdi.

Som vi såg i konklusjonen om dei menneskerettslege tilstanden på Madagaskar, så finner det stad mange menneskerettslege problematiske hendingar på Madagaskar, men det ser ikkje ut til at det finnes ein sterk ideologisk motstand mot menneskerettane.

---

<sup>122</sup>Austad 1977, s. 184

## **10.0 Avsluttande kommentar til målsetjinga**

Eg håpar eg har nådd dei målsetjingane eg satte opp i starten av oppgåva, og at desse to perspektiva har visst seg å utfylle kvarandre. Denne oppgåva er ikkje statistisk representativ, men eg håpar likevel at den seier noko både om menneskerettstilstanden blant vanlege innbyggjarar på Madagaskar, kanskje spesielt dei som bur i Antananarivo, samt noko om kva desse menneska tenkjer om menneskerettane.

## **11.0 Litteraturlister**

Bøker:

Austad, Torleiv (1977) *Bidrag til etikken - Et utvalg artikler*. Oslo: Menighetsfakultetet

Charmaz, Kathy (2006) *Constructing Grounded Theory - A Practical Guide Through Qualitative Analysis*. London: SAGE Publications Ltd

Dahl, Øyvind (2008) *Merkverdige Madagaskar*. Oslo: Spartacus Forlag

Dahl, Øyvind (2001) *Møter mellom mennesker*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Goldewijk, Berma Klein og Fortman, Bas de Gaay (1999) *Where Needs Meet Rights - Economic, Social and Cultural Rights in a New Perspective*. Geneve: WCC Publications

Hammersley, Martyn og Atkinson, Paul (2006) *Feltmetodikk: Grunnlaget for felter arbeidet og feltforskning*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Hiebert, Paul G. (1985) *Anthropological Insights for Missionaries*. Grand Rapids, Michigan: Baker Book House Company

Hiebert, Paul G. (2008) *Transforming Worldviews - An Anthropological Understanding of How People*. Grand Rapids, Michigan: Baker Academic

Høstmælingen, Njål (2003) *Internasjonale menneskerettigheter*. Oslo: Universitetsforlaget

Jørgensen, Trond (2010) *Menneskerettighetenes filosofiske fundament i møte med japansk kultur og verdensbilde*. Stavanger: Misjonshøgskolen

Randrianja, Solofo og Ellis, Stephen (2009) *Madagascar - A Short Story*. Chicago: The University of Chicago Press

Repstad, Pål (2007) *Mellan nærbild og distanse*. Oslo: Universitetsforlaget

Oppslagsverk:

Kunnskapsforlaget. 2000. *Aschehoug og Gyldendals LILLE NORSKE leksikon*. Oslo.

Henta frå internett:

Amnesty.org, *Amnesty International Report 2011*  
[http://files.amnesty.org/air11/air\\_2011\\_full\\_en.pdf](http://files.amnesty.org/air11/air_2011_full_en.pdf)  
Henta ut 12.05.12

CIA World Fact Book, *Madagascar*  
[http://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/countrytemplate\\_ma.html](http://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/countrytemplate_ma.html)  
Henta ut 24.04.12

Congressional Research Service (2011). *Madagascar Political Crisis*

<http://www.fas.org/sgp/crs/row/R40448.pdf>

Henta ut 13.01.12

FNs høykommisær for menneskerettigheter(OHCHR), (2005), *Handbook for National Human Rights Institutions - Economic, Social and Cultural Rights*

<http://www.ohchr.org/Documents/Publications/training12en.pdf>

Henta ut 06.05.12

FNs høykommisær for menneskerettigheter(OHCHR), *International Covenant on Civil and Political Rights(ICCPR)*

<http://www2.ohchr.org/english/law/pdf/ccpr.pdf>

Henta ut 16.05.12

FNs høykommisær for menneskerettigheter(OHCHR), *International Covenant on Social, Economic and Cultural Rights(ICESC)*

<http://www2.ohchr.org/english/law/pdf/ccpr.pdf>

Henta ut 16.05.12

**Ngwawi, Joseph.** *SADC urges speedy implementation of Madagascar roadmap I:* Southern African News Features.

[www.sardc.net/editorial/newsfeature/12030212.htm](http://www.sardc.net/editorial/newsfeature/12030212.htm), Southern African News Features, lest 29.04.12

Madagascar Tribune, "Un peu de fierté et de souveraineté!", datert 01.02.12

[http://www.madagascar-tribune.com/spip.php?page=imprimer\\_article&id\\_article=17025](http://www.madagascar-tribune.com/spip.php?page=imprimer_article&id_article=17025)

Henta ut 29.04.12

Store Norske Leksikon på internett, *Menneskerettigheter*

<http://www.snl.no/menneskerettigheter>

Henta ut 25.03.12

Store Norske Leksikon på internett, *Madagaskar*

<http://www.snl.no/madagaskar>

Henta ut 25.03.12

Store Norske Leksikon på internett, *Madagaskar, befolkning*

<http://www.snl.no/madagaskar/befolkning>

Henta ut 25.03.12

Store Norske Leksikon på internett, *Madagaskar, historie*

<http://www.snl.no/madagaskar/historie>

Henta ut 25.03.12

Store Norske Leksikon på internett, *Kultur*

<http://www.snl.no/kultur>

Henta ut 18.04.12

US Department of State. *2010 Human Rights Report: Madagascar*

<http://www.state.gov/documents/organization/160130.pdf>

Henta ut 23.04.12

US Department of State. *International Religious Freedom report 2010*

<http://www.state.gov/j/drl/rls/irf/2010/index.htm>

Henta ut 01.05.12

Vennskapsforeningen Norge - Madagaskar, nyheitsseksjon, "AU-møtet uten resolusjoner om Madagaskar", datert 03.02.12

<http://madagaskar.no/madagaskarnytt.php>

Henta ut 29.04.12

World Food Programme, *Madagascar Food Security Monitoring System Quarterly Bulletin, 1st Quarter 2012*

<http://documents.wfp.org/stellent/groups/public/documents/ena/wfp246780.pdf>

Henta ut 07.05.12

## **Vedlegg 1**

### **side 1/2**

Intervjuguide.

1. Namn og sivilstand osb.
  - a. Kven er du?
  - b. Kva jobbar du med?
  
2. Kan du fortelje litt om familien din og kor du kjem i frå?
  - a. Dette er eit spørsmål som skal romme plass til eit lengre svar og kor eg kan ha oppfølgingsspørsmål.
  
3. Korleis er livet no i forhald til korleis det var før?
  - a. Meir om korleis det var før.
  - b. Kvaliteter i det tradisjonelle samfunnet?
  - c. Fleire oppfølgingsspørsmål på korleis dei taklar livet no.
  
4. Korleis har livet ditt vore dei siste to åra/siste året?
  - a. Økonomisk?
  - b. Sosialt?
  - c. I kyrkja?
  
5. Eit spørsmål om korleis kollektivet virkar kontra individet. Menigheta vs han/ho sjølv? Familien og individet?
  
6. Kva synes du er vanskeleg å få til i kvardagen? Er der vanskeleg å skaffe nok mat, vanskeleg å finne jobb, vanskeleg å finne skuleplass til deg sjølv eller evt born?
  
7. Kva synes du fungere bra?
  - a. kva har holdt seg stabilt det siste året/siste to åra?
  - b. På kva måte har folk vist evne til å skape nye ting og ordningar?

## Vedlegg 1

### side 2/2

8. Kjenner du til menneskerettighetene?
  - a. Kva kjenner du til i menneskerettane?
  - b. Synes du menneskerettane virkar som noko fornuftig?
  - c. Synes du dei har noko føre seg?
  
9. Om du ser på korleis det er på Madagaskar no, er det noko poeng i å ha eit fokus på menneskerettane som ein slags mal på korleis ting bør gjerast?
  - a. Korleis kan det eventuelt gå føre seg?
  
10. Kva håp har du for framtida?
  - a. Korleis håper du den noværande situasjonen blir løyst?
  - b. Kva trur du er viktig for at ting kan bli betre i framtida?

I tillegg til denne intervjuguiden brukte eg og eit skjema for lettare å hugse alle vinklingane på spørsmåla eg ville spørje om. Slik ser det ut:

	Personleg	Generelt
Fattigdom		
Politikk		
Menneskerettar		